Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 15 - 1992

Oslo 1992

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad: Avdeling for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo

Nr. 15 - 1992

Redaksjonen er avslutta 11. mai.1992

ADRESSER:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3. Tlf. (02) 85 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 BERGEN. Tlf. (05) 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3. Tlf. (02) 85 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 BERGEN).

Kontingenten er no 130 kr for året.

INNHALD

Ein namnekonsulent fyller 70 4
Ein allsidig humanist blir heidra 5
Sámi kulturmuittut - Samiske kulturminner 7
Om arbeidet med nye forskrifter til stadnamnlova 9
Nytt frå Avdeling for namnegransking 9
Bør namnet *Birk* forbydast? 10
Angloamerikansk påverknad? 12
Kommentar til "Angloamerikansk påverknad?" 16
Vejrum eller Vejrumbro? 17
Kaos i stednavne med Å å / Aa aa i Danmark 18
Rapport fra Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking 18
Rapport från Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking 20
Nordisk symposium om "andre namn" 21
Komande NORNA-symposium 24
Dagros og Semina 24
Farlig navnenormering i norskhetens navn 26
Skjer-, Skjel-, Skil- eller Skirdalen? 29
Møte i den nordiske divisjonen av FN 30
UNGEGN - en kort bakgrund 31
FN-konferanse om stadnamn 32
Rapport frå den 5. FN-konferansen 33
Den 18. internasjonale namnegranskarkongressen 34
NONELex veks 34
Namneregister for M711-karta 35
Norske namn på tysk 36
Filosofisk om namnetyding 36
Ny utgåve av NAF Veibok 37
Sunnmørsgrammatikkane 38
Namn og Nemne 8 - 1991 38
Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991 39
Meir godt namnevett 39
Namnefaldar frå Karmsund mållag 40
Studentarbeid om namn 40
Kilroy was here 46

EIN NAMNEKONSULENT FYLLER 70

Den 5. mai i år fylte professor Eyvind Fjeld Halvorsen 70 år. Det er ein framståande og markant norrønfilolog, språkmann og namneekspert som no har lagt den lengste distansen bak seg. Han står gjerne fleire laup, og bortsett frå den kvite manken er det ikkje noko som skil han frå den kunnskapsrike og inspirerande læraren eg møtte som norskstudent midt på 60-talet. Den faglege respekten for han har heller auka med åra. Det er ikkje utan grunn han no vert hylla med eit fyldig festskrift.

For lesarane av dette bladet er det innsatsen hans som namnegranskar og namnekonsulent som har særleg interesse. Han har skrive ei rekkje artiklar om namnevitskaplege emne, viktigast er "Personnavnene på Ringerike fra mellomalderen til 1666" (i Maal og Minne 1955). Og den instruktive oversynsartikkelen "Person- og slektsnavntradisjoner i Norge" i samlinga *Norske stedsnavn/stadnamn* (Oslo 1975) kjenner kvar einaste norskstudent i Oslo frå grunnfagspensumet. Når det gjeld stadnamn, har han særleg skrive om normeringsspørsmål. I ulike samanhengar har han på ein innsiktsfull og pedagogisk måte vist at dei norske rettskrivingsprinsippa også må gjelda for skrivemåten av stadnamn. Som ein veit, skal det ofte mykje til for å overtyda folk om at ein viss skrivemåte er den korrekte.

Fjeld Halvorsen har ein lang karriere bak seg som namnekonsulent. I 1965 vart han oppnemnd som namnekonsulent etter Alf Sommerfelt. Han har delteke på fleire FN-konferansar om stadnamn. Og i 1991, etter at den nye stadnamnlova tok til å gjelda, vart han namnekonsulent for bokmål for Austlandet.

Det som framfor alt har særmerkt Fjeld Halvorsen sin innsats som namnekonsulent, er den evna han har hatt til å gå til botnar i problema. Med sin omfattande kjeldekunnskap har han i mange høve openberra den kronglete vegen eit namn kan ha vandra fram til i dag. Då Stadnamnutvalet i 1983 la fram innstillinga om skrivemåten av stadnamn, var det fyldige kapitlet om dei historiske formene fyrst og fremst Fjeld Halvorsens verk.

Eyvind Fjeld Halvorsen reknar seg ikkje fyrst og fremst som namnegranskar. Like fullt var det han som vart formann då den nasjonale Samarbeidsnemnda for namnegransking vart skipa i 1973. At han har dette ombodet framleis, viser kva tillit han har i fagmiljøet.

Han kan no rekna seg som emeritus, men både det eine og det andre fagmiljøet kan vonleg rekna med innsatsen hans i mange år enno.

BH

EIN ALLSIDIG HUMANIST BLIR HEIDRA

Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991. Redigert av Gulbrand Alhaug, Kristoffer Kruken og Helge Salvesen. Oslo 1991. 542 sider.

Å bli heidra med festskrift frå venner og kollegaer er kanskje ikkje så uvanleg. Å bli heidra med eit festskrift som inneheld 45 artiklar fordelt over 540 sider, er derimot sjeldsynt, i alle fall så langt denne meldaren kjenner til. Når artiklane i tillegg dekkjer emne som strekkjer seg frå **personnamn blant muslimske pomakkar i Bulgaria til rasjonalitet og nonrasjonalitet via stadnamn i Hallingdal, dødsbryllupet i norrøn mytologi, mjølking av rein i det sørsamiske området og kvinner i norske aviser i det 20. århundre**, tyder det på at her er det ein forskar med allsidige interesser som blir æra.

Og *Nils Hallan*, som heidersskriftet er tileigna, er i sanning ein mangslungen vitskapsmann. Sjølv om stadnamngransking er det arbeidsområdet han har vore mest oppteken av dei siste åra, har han arbeidt med lokalhistorie og rikshistorie, religionshistorie, etnologi, kunsthistorie, språkhistorie og ordgeografi. Dette mangfaldet speglar seg til fulle av i heidersskriftet som kom ut til 65-årsdagen hans 13. desember 1991.

I denne vesle meldinga er det sjølvsagt ikkje råd å gje ei fagleg omdøming av artiklane, men dei som gjeld namn skal nemnast. Dei lengste artiklane er skrivne av Tom Schmidt, som tek for seg "Nils i Norge", og Botolv Helleland, som drøftar "Hallan, Halland og Helland". Schmidt ser på frekvensen av *Nils* frå mellomalderen til slutten av 1800-talet, og samanliknar med bruken av ulike former av *Johannes*, særleg *Jon*, og *Klemet*. Han viser at *Nils* har hatt ein stigande frekvens, og at det frå å vera eit namn brukt av innflyttarar og i overklassa, har spreidt seg til det breiare lag av folket. *Jon* vart tidleg vanleg, medan *Klemet* heile tida har vore eit uvanleg namn.

Helleland diskuterer i sin artikkel om innhaldet 'hallande (lende)' skal leggjast til grunn ved namna på *Hall-* og *Hell-* i den mon Norske Gaardnavne gjer det. Han er varsam med å konkludera, men meiner at framstikkande formasjonar, terrassar, store steinar eller hellerar ofte er meir iaugefallande drag.

"Kart som hjelpemiddel og som kjelde for stadnamngransking" er tittelen på Peter Hallaråkers bidrag. Han gjennomgår kritisk bruken av kart og kartfesting i tidlegare namnegransking, og seier at nøyaktig lokalitetsfesting av namn er eit kjernepunkt dersom ein godtek den faglege føresetnaden at namn og stad høyrer saman.

I ein artikkel av Helge Salvesen blir "Kontraksjonsnavn i Jemtland" drøfta. Kontraksjonsnamn er namn som fortel om nedgang og øydelegging, og i Jemtland er det særleg dei tre namnegruppene (-)*aunet*, (-)*bøle* og (-)*legden* som vitnar om dette. Salvesen vurderer på språkleg grunnlag kva for realhistoriske forhold som ligg bak namna, og han prøver å tidfesta den busetjingskontraksjonen som namna er eit produkt av.

Stefan Brink let oss ta del i "Iakttagelser rörande namnen på *-hem* i Sverige". Forfattaren opplyser at framstillinga er ein førebuande rapport i ei større undersøking om dei svenske stadnamna på *-hem*, som sjølvsagt svarar til dei norske *heim*-namna. Medan det i Sverige er om lag 300 og i Danmark om lag 200 av denne namnetypen, finst det heile 1000 av dei i Noreg, og i drøftinga kjem Brink fleire gonger inn på norske forhold og norske forskingsresultat.

Dei fleste av stadnamnartiklane drøftar enkeltnamn. Kolbjørn Aune skriv om eit gløymt gardsnamn i Hemne, *Skjelgstad*, som han meiner kan vera det gamle namnet på Heggstadsetra, slik Nils Hallan sjølv gissa alt i 1959. Arve Borg drøftar gardsnamnet *Nust* i Sør-Odalen. Oluf Rygh seier dette "aabenbart" er eit samansett namn, men Borg meiner at det ikkje kan vera tilfellet. Ernst Håkon Jahr tek for seg "Kråka på Spangereid og stadnamnet *Kråkevika*", som han gjev ei ny forklaring på. Kristoffer Kruken drøftar inngåande *Akjørja*, namn på ei vik i Vanvikan, og som han tolkar som gno. **Afkyrja* 'den straumfrie, avskjerma vika'. Magne Myhren tek for seg eit knippe stadnamn frå Hallingdal, medan Finn Myrvang skriv om gardsnamnet *Gåra* i Kvæfjord. Jørn Sandnes kjem med ei nytolking av gardsnamnet *Olbu* i Oppdal. Oluf Rygh forklarte fyrsteleddet i dette namnet som mannsnamnet *Óli*, men Sandnes meiner det mest sannsynlege er gno. *ǫl* f. 'drikkegilde'. Ei lita innføring i tru, tradisjon og namn på Helgeland får vi i ein artikkel av Eirik Liland, og Håvard Dahl Bratrein lanserer ei alternativ tolking av nordnorske stadnamn med *skei*: 'båtsett, stad der båt blir sett på land'.

Også om *personnamn* er det fleire bidrag. Eg har alt nemnt Tom Schmidts artikkel om "Nils i Norge", og i innleiinga peikte eg på ei utgreiing om personnamn blant muslimske pomakkar i Bulgaria. Utgreiinga er på engelsk og er skriven av Gulbrand Alhaug og Yulian Konstantinov, og dei ser fyrst og fremst på såkalla **kompromissnamn** hos denne folkegruppa. Elles kan vi lesa om "Svenska personbinamn av idag: några axplock ur tidningsmaterial" av Reinert Kvillerud, "Modenavne i Danmark i det 20. århundrede" av Eva Villarsen Meldgaard og "Íbúanöfn á Íslandi" av Svavar Sigmundsson.

Som tidlegare sagt er det uvanleg stor spennvidde når det gjeld innhaldet i dette heidersskriftet, noko som er i tråd med Nils Hallans virke som

forskar. Eg har berre gjeve smakebitar på namneartiklane, men for den interesserte og nysgjerrige humanist er boka ei rik kjelde å ausa or. Skriftet er redigert av Gulbrand Alhaug, Kristoffer Kruken og Helge Salvesen. Dei har sytt for at Nils Hallan har fått ei velfortent og innhaldsrik helsing på åremålsdagen.

Terje Larsen
Hokksund

SÁMI KULTURMUITTUT - SAMISKE KULTURMINNER
Håndbok i stedsnavnregistrering

Høsten 1991 utkom "Sámi kulturmuittut/Samiske kulturminner" - en håndbok i stedsnavnregistrering. Dette er en rapport fra to seminarer (mars 1989 og september 1990) arrangert av Romssa Sámi Searvi. Det er stor spennvidde på temaene, f.eks. diskuteres det her språklige, kulturelle, historiske, sosiale, juridiske og etnopolitiske emner. To av fjorten artikler er skrevet på samisk - i tillegg er det trykt to artikler av avdøde Thor Frette som tidligere er trykt i DEATNU årbok 1984 og 1987.

Ett av de første kart hvor samer kommer inn i bildet, er Olaus Magnus' Carta Marina fra 1539. På 1500- og 1600-tallet var kartene ikke offisielle, men hemmelige - laget i krigens tjeneste. Men da Sverige ved Brömsebrofreden i 1645 hadde overtatt Jämtland og Härjedalen, ble det satt opp mer offisielle kart over landskapene. Norske myndigheters syn på samiske kulturer har skiftet tidvis, f.eks. fra begynnelsen av 1700-tallet og fram til i dag. I forrige århundre tok den hardeste fornorskingen til. Hensikten var bl.a. å fornorske samiske stedsnavn ved å oversette så mange som mulig til norsk. Disse "oversatte" navn ble til å begynne med stående som hovednavn på kartet - for senere å bli normgivende, og bare i de tilfeller hvor det samiske navnet var det eneste brukte, ble det satt i parentes, f.eks. Lædervidden (Riettcčærro) eller Vaakbækken (Suddesjokka) utgitt i 1906. Navn som Luftjok (Tana), Signaldalen (Storfjord), Tamokdalen (Målselv), Kaperdalen (Finnsnes), Dundret (Gällivarre), Solvarden (Vadsø) og Port (Karasjok) er eksempler på fordreide navn fra opprinnelige samiske Luoktajohka, Čiekŋalvággi, Dápmotvággi, Gahpirvággi, Duoddaraš, Suolovárri og Barta. Denne praksisen holdt seg ikke så lenge - allerede i 1914 var over 60% av navnene på kartbladet over Karasjok på samisk. Forandringen kan ha sammenheng med at NGO (Norges geografiske oppmåling) fra 1912 var blitt en sivil institusjon - og ikke lenger underlagt Forsvarsdepartementet.

Det gikk også ut over finske navn, og i tillegg spilte her det utenrikspoli-

tiske aspektet en stor rolle:

> "Finske (kvænske) navn medtas ikke på kartet når topografen har sikkerhet for at navneformen er ren finsk (kvænsk)."

Til dette bemerket NGO i 1937:

> "Utelukkelse av finske (kvænske) navn på kartet var allerede innført i 1930 - vesentlig efter henstilling fra de militære myndigheter, og midlertidige rettelser i instruksen fra 1927 er foretatt fra samme år."

Ny stedsnavnlov ble vedtatt den 18. mai 1990 og trådte i kraft 1. juli 1991. Loven bygger på forslag "frå eit utval oppnemnt ved kongeleg resolusjon 12. oktober 1979" og som ble trykt som NOU 1983:6 *Stadnamn*. I lovteksten står bl.a. følgende:

> "Samiske og finske stadnamn som blir nytta blant folk på staden, skal til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m., saman med eventuell norsk namneform."

I desember 1990 vedtok Stortinget i tillegg en del viktige lovendringer som skal sikre språklige rettigheter for samisktalende i Norge. Endringer gjelder lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold (sameloven), grunnskoleloven og domstolloven. Både internasjonalt og nasjonalt er det en klar tendens til at urbefolkninger og minoritetsgruppers eget språk og kultur etter hvert får en sterkere stilling og en bedre beskyttelse. En lovfestet rett for samer til å bruke sitt språk i offisielle sammenhenger er derfor i samsvar med utviklingen i andre land og i tråd med de folkerettslige forpliktelser Norge er bundet av. Videre vises det til at språkreglene vil være i tråd med Grunnlovens pgr. 110a, som ble vedtatt i april 1988 med denne ordlyd:

> "Det paaligger Statens Myndigheter at legge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og udvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv."

Håndboken vil forhåpentligvis bidra til å følge opp disse målsetningene.

Kjell Kemi
Guovdageaidnu

OM ARBEIDET MED NYE FORSKRIFTER TIL STADNAMNLOVA

Som nemnt i førre nummeret av *Nytt om namn*, vart det på samrådingsmøtet for namnekonsulenttenesta i oktober i fjor oppnemnt ei arbeidsgruppe som skulle utarbeida eit utkast til meir detaljerte forskrifter til Lov om stadnamn. Gruppa har hatt to møte, og i desse dagar blir siste handa lagt på utkastet. Deretter skal det behandlast i Kulturdepartementet, som har det formelle ansvaret for å senda ut eit endeleg framlegg til høyring. Fyrst etter denne høyringsrunden kan departementet vedta dei nye forskriftene. Det vil difor enno ta ei tid før dette kan skje.

Terje Larsen
Hokksund

NYTT FRÅ AVDELING FOR NAMNEGRANSKING

Amanuensis Margit Harsson er vald til leiar for Avdeling for namnegransking for 1992-94. Førsteamanuensis Kristoffer Kruken er varaleiar for same perioden.

Norsk Stadnamnarkiv, forløparen for Institutt/Avdeling for namnegransking, fylte 70 år i 1991. Jubileet vart markert med ei gjesteforelesing av arkivsjef dosent Bengt Pamp, Lund, 25. november. Pamp forelas om "Namnfilologi och namnlingvistik. Några betraktelser över namnforskningen som vetenskap".

Avdelinga og moderinstituttet - Institutt for nordistikk og litteraturvitskap - har søkt Det historisk-filosofiske fakultetet om å få gjenoppretta professoratet i namnegransking. Samarbeidsnemnda for namnegransking støttar søknaden i ei eiga fråsegn til fakultetet. Dersom søknaden går igjennom, kan det med god framdrift bli utlysing alt i 1993.

Avdelinga flyttar frå Chateau Neuf til Blindern 25. mai. Vi skal inn i første etasje i P. A. Munchs hus på Øvre Blindern. Kontora og arkivsalen ligg på same golv, og lokala blir på alle måtar betre enn dei vi har no. Vi håpar flyttinga skal gå utan større problem, slik at vi kan koma snøgt i gjenge på den nye plassen. Gjester og telefon- og brevkundar må likevel vera budde på ein viss uskipnad og litt forseinka ekspedisjon i overgangstida. Postadressa og dei fleste telefonnumra blir uendra.

KK

BØR NAMNET *BIRK* FORBYDAST?

Det siste året har det ved eit par høve komi opp ønske om å bruke namnet *Birk* til førenamn her i landet. Men Justisdepartementet nektar å godkjenne namnet. Dei grunngjev avslaget med at førenamnet *Birk* er utanlandsk og fell saman med eit slektsnamn som er i bruk frå før i Noreg. Etter mitt syn er det ikkje fagleg dekning for eit slikt standpunkt.

Førenamnet *Birk* er ei alemannisk kortform av gammaltysk *Burkhard*. (Alemannisk er ein gammal sørtysk dialekt.) *Burkhard* er samansett av ledda *burg* 'berging, hjelp, vern' og *hard* 'hard, fast, sterk'. I følgje tyske namnebøker (m.a. Drosdowski: *Lexikon der Vornamen*, 1974) er det ingen tvil om denne etymologien. Her i landet er det kanskje ein 15-16 personar, spreidde over alle aldrar, som heiter *Birk*. Nokre av dei er truleg innflyttarar. Dei siste åra har norske namngjevarar sikkert først og fremst fått inspirasjon frå Astrid Lindgrens *Ronja Rövardotter*, der *Birk* er namnet på ein av hovudpersonane. Boka kom ut i 1981 og er seinare filma (1984) og dramatisert for teatret.

Slektsnamnet *Birk/Birch* har bakgrunn i eit gammalt tilnamn *birk*, som er nært i slekt med trenemninga *bjørk*. Dette namnet har komi til oss frå dansk, og har der dels dansk, dels tysk bakgrunn (Søndergaard: *Danske efternavne*, 1984). Elles er det grunn til å spørje om *Birk* som norsk slektsnamn for ein del òg kan vera ei forkorting av *Birkedal*, *Birkeland*, *Birkenes* o.fl. Slektsnamnet *Birk* finst nemleg framfor alt i Rogaland, og der er også samansette namn på *Birke-* mykje utbreidde.

Dermed burde det vera klårt at *Birk* som førenamn ikkje blir råka av § 15.2 i namnelova, der det heiter at ein ikkje kan velje "namn som er eller har vore i bruk til slektsnamn og ikkje opphavleg er eit førenamn". Ut over denne regelen set namnelova opp som nektingsgrunn berre "namn som det er fare for kan verta til ulempe for den som har det" (§ 15.1). *Birk* har neppe ein slik karakter at ein treng å frykte for at det skal bli plagsamt å ha det.

Det er ikkje noko særsyn at eit namn som på overflata ser eintydig ut, har to ulike opphav: Eitt som førenamn og eit anna som slektsnamn. Etter språkvitskapleg nemningsbruk har vi i slike tilfelle å gjera med *homonym*. Eit godt døme på dette er namnet/namna *Åse*. Som førenamn kjem det av samansette personnamn på *Ås-* 'gud', men som slektsnamn kjem det via gardsnamnet *Åse* av ordet *ås* 'ås, rygg (i landskapet)'. Tilsvarande har førenamnet *Roald* eit anna opphav enn slektsnamnet *Roald*. Det er opplagt at førenamna *Roald* og *Åse* ikkje kan nektast på grunn av ytleg likskap med slektsnamna *Roald* og *Åse*.

Også departementet er merksam på dette fenomenet og har teki omsyn til det i visse høve. I boka *Navneloven med kommentarer* (1986, s. 104) bruker Anne Hillestad Austbø kvinnenamnet *Linn* som døme. Ho skriv:

> I helt spesielle tilfeller kan det være aktuelt å vurdere om slektsnavnet og fornavnet rent språklig sett har samme opprinnelse. Dette ble gjort da departementet i midten av 1970-årene godkjente Linn som fornavn selv om navnet var i bruk som slektsnavn. Det ble lagt vekt på at slektsnavnet Linn hadde sammenheng med plantenavnet Lin og var avledet om gårdsnavnet Linløkken. Opprinnelsen til fornavnet Linn ble antatt å være adjektivet linn, dvs. mild, svak, og dannet som en kortform av siste ledd i fornavn Sigrlinn, Ingelin osv.

Gunnar Nerdrum slår likeins fast i si bok *Navneloven ... med kommentarer* (1971, s. 96) at både førenamnet og slektsnamnet skal godkjennast når dei er formelt like, men har ulikt språkhistorisk opphav.

Så langt kan vi da konstatere at det korkje i lovtekst eller kommentarar finst grunnlag for å ta det standpunktet departementet har gjort andsynes *Birk*. (Spørsmålet om kva funksjon som vart etablert først - førenamnet eller slektsnamnet -, gjeld språkleg einsarta namn og er såleis ikkje aktuelt her.)

Kva så med kriteriet "utanlandsk", som departementet har framført no til slutt? Det er iallfall ikkje sagt noko i lov eller kommentarar om at ein skal handsama formelt like namn annleis om dei er utanlandske enn om dei er norske. Når det gjeld spørsmålet om eventuell "ulempe", er det tvert imot poengtert at ein *ikkje* skal ta noko særstandpunkt fordi om namna er utanlandske (H. Lundh: *Navneloven ...*, 1924, s. 82). Reint logisk burde denne retningslina gjelde for homonyme namn òg, så lenge det ikkje er sagt noko anna.

Det einaste departementet da kan tenkjast å ha å stø seg til, er ein innarbeidd praksis. Men ironisk nok slår nettopp dømet *Linn* også dette til jorda. Leddet *lin(n)* i *Sigrlin*, *Irmelin* o.fl. har jo i det alt vesentlege tysk bakgrunn! Så her har iallfall ikkje utanlandskriteriet hatt noka vekt.

Det finst også andre tilfelle som viser at *Birk*-avgjerda ikkje berre saknar formell støtte, men endatil strir mot tidlegare praksis. Eg nemner tre døme: 1) Mannsnamnet *Bork* er også (likeins som *Birk*) ei tysk kortform av *Burkhard*. Det har formelt motsvar i det etablerte slektsnamnet *Bork/Borch* (av fleirtydig opphav, m.a. 'borg'), men er like fullt godkjent. 2) Mannsnamnet *Mark* er engelsk form av *Markus*. Det svarar formelt til gards- og slektsnamnet *Mark* (vanlegare i forma *Mork*), av eit eldre ord for 'skog'. Førenamnet kom seinare i bruk enn slektsnamnet, men det er like fullt godkjent. 3) Kvinnenamnet *Lone* er ei dansk kortform av *Abelone* (av gresk

Apollonia). Det er registrert i namnelistene våre første gongen i 1920. Det er formelt identisk med gards- og slektsnamnet *Lone* (til *lon* f 'lang, djup høl'), som er vanleg på Vestlandet. Slektsnamnet var etablert lenge før det innlånte førenamnet dukka opp. Like fullt er *Lone* godkjent som førenamn.

Desse døma er henta frå rundskrivet "Valg av fornavn og mellomnavn for barn" frå Justisdepartementet 31. august 1970. Der er det uttrykkjeleg sagt at *Bork*, *Mark* og *Lone* er godkjende. Det at dei er oppførte i rundskrivet på denne måten, viser òg at dei har vori oppe til drøfting med tanke på godkjenning eller avslag.

Konklusjonen må bli at det ikkje finst nokon grunn til å gripe inn mot *Birk*. Det er eit ordinært førenamn med like stor livsrett som *Per* og *Kari* og dei mange andre namna vi har fått utanfrå. Eg vonar difor departementet er viljug til å endre standpunkt.

Samtidig bør departementet ein gong for alle rydde opp i flokane kring homonyme namn. Her dreiar det seg ikkje berre om "helt spesielle tilfeller", men om eit kvardagsleg faktum i språket og namnetilfanget omkring oss. Kommentarbøkene til Austbø og Nerdrum viser til fulle at ein ikkje kan få orden på tanke og handling før dette grunnleggjande faglege prinsippet er avklara. Jamvel det tillegget som § 15.2 fekk i 1979 - at ein i spesielle høve kan gjera unntak frå slektsnamnregelen - har vist seg å vera berre forvirrande. Er det her *eigentleg* tenkt på homonyme namn? Visse einskildsaker og juridiske kommentarar tyder på det, og om så er tilfellet, har formuleringa ingen ting i lova å gjera. Men eg mistenkjer heller at departementet ikkje retteleg veit kva dei har meint, fordi dei ikkje er medvitne nok om dei språklege fenomena som er involverte.

Etter den nye konsulentordninga bruker staten sikkert ein million årleg på normering av stadnamn, og våre beste fagfolk på alle universitet arbeider no kontinuerleg med dette emnet. Det er sjølvsagt godt og priseleg alt i hop. Men når det gjeld personnamn, vil ikkje staten avsjå fem øre til fagleg hjelp. Det er ei skam for landet og ei grov nedvurdering av alle foreldre som har krav på *både* språkleg og juridisk rettleiing når dei skal velje namn.

KK

ANGLOAMERIKANSK PÅVERKNAD?

I artikkelen "Norske fornavn i Amerika - angloamerikanske fornavn i Norge" i *Norsk språk i Amerika* (Oslo 1991), tek Anne Svanevik (AS) opp angloamerikansk påverknad på norske førenamnstradisjonar. Ho spør m.a. om endringar i skrivemåten av norske førenamn kan skyldast påverknad

frå angloamerikansk. Som grunnlag for sin analyse tek ho for seg følgjande skrivemåtar[1]:

Jentenamn	*Gutenamn*
Camilla	Alexander
Caroline	Christian
Cathrine	Christoffer/Christopher
Christine	Michael/Michal
Therese	Richard
(Siw)	Thomas
(Wigdis)	William
	(Owe)
	(Wiggo)

Desse skrivemåtane kallar AS "engelske", sjølv om ho meiner at *framand* kanskje hadde vori ein betre term. Ho skriv:

> Jeg har valgt ut de "internasjonale" navna som er mest typiske representanter for "engelsk" skrivemåte nå de aller siste åra, og som samtidig representerer en gruppe motenavn med klar framgang. Trolig er skrivemåten en del av motefenomenet på samme måte som selve navnet (s. 207).

Ved å samanlikne førekomsten av skrivemåten for desse namna i åra 1950-52 med åra 1983-84 i Stavanger, finn ho ein aukande tendens til at ein nyttar "engelsk" skrivemåte på dei. AS samanliknar vidare Stavanger-resultata med heile landet og med eit materiale frå andre byar. Ho finn at "engelsk" skrivemåte i 80-åra ser ut til å vera vanlegare i Stavanger enn i landet under eitt, og at dette truleg ikkje berre er eit byfenomen som ein også finn i Oslo og Bergen.

Spørsmålet er interessant, men å slutte at dette fenomenet for det meste skyldast angloamerikansk påverknad er, etter mitt syn, for lettvint og for lite nyansert. Namna i lista hennes er etter mi meining ikkje noen homogen gruppe, og skrivemåten kan skyldast forskjellige tendensar i vår samtid.

Utgangspunktet for AS sin analyse er den tiltakande angloamerikanske påverknaden på det norske språket gjennom engelske ord i reklame og slang, dei gode engelskkunnskapane til nordmenn og dei mange innlånskanalane gjennom medium som film, TV og musikk. Innlånstendensen pregar på liknande måte moderne norske namnetradisjonar. AS viser til ei rekkje undersøkingar som syner at angloamerikanske namn som *Tommy, Steve, Kennet(h), Benny, Kim, Kate* og *Jenny* har fått innpass over heile landet, og

at den engelske skrivemåten på slike namn ser ut til å vera meir prestisjebetont enn fornorska utgåver. Dette blir så til prov for at den unorske skrivemåten for dei ovannemnde namna skyldast angloamerikansk påverknad. Ho skriv: "Mer påfallende er imidlertid den klare tendensen vi ser her i landet til også å skrive ikke-engelske navn etter engelsk mønster" (s. 207). Kva AS meiner med ikkje-engelske namn, er det ikkje lett å bli klok på. Som eksempel bruker ho m.a. *Philip* og *George*, namn som trass i det greske opphavet har vori populære namn i USA sidan kolonitida og i England i fleire hundreår før det (Stewart 1979, Hanks & Hodges 1990). Det er også tvilsamt at nordmenn har lånt dei frå gresk.

På grunnlag av desse kjensgjerningane arbeider Svanevik vidare ut frå følgjande hypotese: Norske foreldre har ein tendens til å skrive norske namn med *c/ch* i staden for *k*, med *th* for *t*, med *w* for *v* og med *ph* for *f*. Dette fell saman med storflaumen av angloamerikanske ord som skyljer over morsmålet gjennom media. Ergo er den unorske stavemåten eit resultat av angloamerikansk påverknad.

Er skrivemåte og amerikansk påverknad dei einaste variablane her? Eg meiner at det kan vera fleire relevante samanhengar som ein bør ta opp til vurdering. AS opplyser ikkje om materialet er henta utelukkande frå namn på barn av norske foreldre. Stavanger er eit samfunn med mange familiar med utanlandsk eller halvutanlandsk opphav, derfor kan *Caroline, Christine, Alexander, Christopher, Michael, Richard, Thomas* og *William* vera naturlege skrivemåtar for barn i slike familiar. AS har sikkert rett i at noen foreldre har nytta "engelsk" skrivemåte fordi det verkar finare, men det er vanskeleg å seia noe sikkert om grunnane ut frå materialet hennes. Noen liker kan hende *Michael* betre enn *Mikkel* fordi dei forbind det siste med dyr (*Mikkel rev*) eller med nedsetjande tilnamn (*dåsemikkel*).

Dersom ein tek utgangspunkt i at nordmenn verkeleg har gode engelskkunnskapar, noe som eg òg meiner dei har, kan ein også stille spørsmål ved konklusjonen her. Det verkar søkt å hevde at foreldre ville skrive *Owe, Wiggo* og *Siw* i den trua at det ser engelsk ut! Dei fleste forstår kvifor Odd Bull kom opp i mange komiske situasjonar saman med engelsktalande, og dersom dei tenkjer "engelsk", vil dei kanskje også sjå det komiske i *Owe* (Skylde), *Wiggo* (Parykk) og *Siw* (Sy?). Skrivemåten *Therese* kan mange derimot tru gir eit engelsk namn - dei gløymer eller er ikkje klare over at namnet må slutte på *-a* for å bli uttalt rett på engelsk, og dei veit ikkje at *Teresa* i USA er den vanlegaste skrivemåten. Slikt har hendt før, f.eks. skrivemåten *Margareth*, som mange trur er engelsk. Denne skrivemåten er nytta utan kommentar i tabellen over dei ti angloamerikanske namna på topp i Stavanger! (S. 216.)

Det er etter mitt syn nærliggande å sjå skrivemåtane for fleire av namna i lista i lys av dei nostalgiske tendensane som ein finn i samtida. Ved sida av dei angloamerikanske motenamna ser ein at det er på mote å ta i bruk namn som var gjengs for hundre år sidan, og som var vanlege i embetsmanns- og borgarmiljø. Fleire av namna i materialet fell i denne kategorien: *Camilla, Caroline, Alexander* og *Christoffer*.[2] I denne perioden var den "engelske" skrivemåten den vanlege, utan at det hadde noe med angloamerikansk påverknad å gjøra. I denne tradisjonen må ein også sjå skrivemåten i samanheng med den danske embetsmannskulturen, påverka av tyske skrivemåtar. I tysk namnetradisjon finn vi m.a. kjelda til skrivemåtar som *Owe, Wiggo* og *Siw*. Sjølv om få nordmenn er klare over det, er det ikkje urimeleg at desse skrivemåtane blir valde fordi dei ser gammaldagse ut.

Ein skal heller ikkje sjå bort frå påverknad frå litteraturen og historia. Dette gjeld spesielt to av namna. Camilla Collett har gitt eit forbilde for skrivemåten *Camilla*, og akkurat i Stavanger kan ein tenkje seg Alexander Kielland som normgivande for *Alexander*.

Eg stiller meg også tvilande til om ein utan vidare kan overføre tendensar i det kommersielle til namnetradisjonen. Val av namn på barn har heilt andre kjenslemessige sider enn det å ta i bruk ord som *skin care, fast food* og *skateboard*, eller å døype butikken *Las Vegas* eller *Bed and Breakfast Clothing Pub*. Samtidig som det er på mote å nytte angloamerikanske namn i Noreg i dag, kan det her vera tale om ein *motmote* med "nostalgisk" skrivemåte for norske namn. I så fall er det ikkje umuleg at dette faktisk er ein reaksjon *mot* angloamerikansk påverknad! Foreldre som vel *Christian* i staden for eit namn som *Kent André*, eller *Camilla* i staden for *Jeanette*, gjør det kan hende nettopp fordi dei vil skape ei motvekt til den angloamerikanske påverknaden. Og ein skrivemåte som speglar den gamle embetsmannskulturen, vel dei fordi det gir namnet eit høgstatuspreg. Når AS skriv i konklusjonen at "det må være riktig å hevde at vi har med fenomenet *statusskrivemåte* å gjøre når vi til og med ser at nordiske navn som *Vigdis* og *Ove* kan skrives *Wigdis* og *Owe*", er eg samd, men eg trur ikkje at det nødvendigvis er engelsk og/eller framand påverknad.

Prosjektet Personnamn i Stavanger, som denne artikkelen er ein del av, er like fullt svært interessant. Eg vonar berre at ein ikkje blir så oppteken av angloamerikansk påverknad at ein overser andre impulsar og hoppar på unyanserte konklusjonar!

Litteratur

Svanevik, Anne, 1991: "Norske fornavn i Amerika - angloamerikanske fornavn i Norge". *Norsk språk i Amerika*. Red. Botolv Helleland. Oslo. 193-217.

Hanks, Patrick og Flavia Hodges, 1990: *A Dictionary of First Names*. Oxford - New York.
Stewart, George R., 1979: *American Given Names*. New York - Oxford.
Gerr, Elke, 1985: *Das große Vornamenbuch*. München.
Weitershaus, Friedrich Wilhelm, 1988: *Das Mosaik Vornamenbuch*. München.

Notar

1. Om namna i parentes skriv AS (s. 209):
   I parentes har jeg tatt med navna *Siv, Vigdis, Ove* og *Viggo*, nordiske navn som meg bekjent ikke er i bruk i engelsktalende land, men som vi likevel av og til kan se med en unorsk, engelskpreget skrivemåte som får en norskfilolog til å grøsse!

2. Eit prov på dette finn ein i ein annan artikkel i denne boka, "Etternamn hos norske immigrantar i USA" av Peter Hallaråker, i ei liste over døpte i 1851. Skrivemåtar med *c/ch* og *th* er norma: *Christine, Marthe, Berthe, Thomas, Christian, Christoffer* m.a. Kjelda er frå ein norskamerikansk kyrkjelyd, men namnetradisjonen ser ut til å vera lite påverka av angloamerikansk.

Nancy L. Coleman
Brumunddal

KOMMENTAR TIL "ANGLOAMERIKANSK PÅVERKNAD?"

Eg har lese artikkelen til Nancy L. Coleman (NLC) med stor interesse. Han tar opp viktige problem kring emnet namnepåverknad. Samtidig er han svært kritisk til artikkelen min i *Norsk språk i Amerika*. Eg har fått høve til å komme med nokre kommentarar.

Eg er samd med NLC i at det er for lettvint og for lite nyansert å slutte at fenomenet med "engelsk" skrivemåte for det meste skyldast angloamerikansk påverknad. Som ho seier, bør ein til dømes trekkje inn både nostalgi, dansk embetsmannskultur og påverknad frå eldre litteratur. Nettopp derfor tar eg eit atterhald i den fotnoten NLC siterer, der eg seier at *framand* skrivemåte kanskje hadde vore ein betre term. Sjølvsagt er det heller ikkje utan grunn eg set "engelsk" i hermeteikn når eg snakkar om denne skrivemåten. Men sidan artikkelen handlar om angloamerikansk påverknad i nyare norsk førenamnsskikk, meiner eg det er rett å ta med angloamerikansk påverknad som *ein* av fleire variablar. Når eg no blir misoppfatta til å meine at dette er den einaste påverknadskjelda, burde eg ha presisert at fleire impulsar verkar saman.

NLC kritiserer at eg i artikkelen ikkje opplyser om materialet er henta utelukkande frå namn på born av norske foreldre. Som eg skriv (s. 213), er eg fullt på det reine med den "fallgruva" dei utanlandske familiane representerer. Derfor har eg luka dei ut der denne opplysninga finst i grunnlagsmaterialet. Det gjeld alt Stavanger-materialet bortsett frå siste perioden (1983-84) og alt kontrollmaterialet frå Oslo og Bergen.

Det er utan tvil søkt å hevde at foreldre vil skrive *Owe*, *Wiggo* og *Siw* i den trua at det ser engelsk ut. Det gjer eg heller ikkje! Derimot trur eg at den "engelske" eller framande skrivemåten med *w* til dømes i *William* smittar over på namn som ikkje er i bruk i engelsk (s. 209).

Til slutt *Michael* kontra *Mikkel*: Dei konnotasjonane NLC nemner (Mikkel rev og dåsemikkel), kan sikkert bremse på valet av *Mikkel*. Men fordi desse namna vert uttala ulikt, snakkar vi her etter vanlege definisjonar om to ulike namn, ikkje om to ulike skrivemåtar av eitt og same namn. Dette dømet er derfor uvedkommande for denne diskusjonen. Derimot er det (slik det går fram av listene) motsetnaden mellom *Michael* på den eine sida og *Mikael* og *Mikal* på den andre, som er interessant i samanheng med skrivemåten.

Anne Svanevik
Oslo

VEJRUM ELLER VEJRUMBRO?
Valg i Danmark den anden juni

I Danmark skal der være valg til EF-unionen den anden juni 1992. Det gælder beslutningen om at give sig ud i et stort Europa. Men de nære ting glemmes ikke for de store problemer, og et af de nære problemer der optager mange danskere er stednavneformer. Siden 1910 har Stednavneudvalget været det organ der skulle tage sig af de officielle stednavneformer og stavningen af dem. Men det er ikke et ensidigt, enevældigt organ, der tages megen hensyn til lokale ønsker og tradition, når blot de ikke strider mod fastlagte principper. Derfor er den anden juni også valgdag om stednavne i Vejrum i Tjele Kommune i Jylland. Her skal beboerne vælge mellem den gamle form *Vejrum* og et nyere navn *Vejrumbro* der støttes af især handelsfolk. Stednavneudvalget har bedt om en redegørelse der bygger på en bredere del af befolkningen på stedet - det sker ved en "folkeafstemning" og det er ikke første gang en navneform afgøres således.

Birte Hjorth Pedersen
København

KAOS I STEDNAVNE MED *Å å / Aa aa* I DANMARK

I 1948 blev Å å indført i retskrivningen i Danmark og fra 1955 vedtog man at bruge Å å i stednavne, men denne konsekvente brug fik en brat ende i 1984 da der fra Kulturministeriet og Undervisningsministeriet blev givet tilladelse til valgfrihed mellem Å å og Aa aa efter vedholdende pres fra den ældre generation i Ålborg/Aalborg og Åbenrå/Aabenraa. Det skal nævnes at valgfriheden gælder kun statstjenesten og privat - ikke i skolerne; her hedder det "en ålborgenser"! Denne valgfrihed er på vej til at skabe et nyt vildnis i stednavneformerne. Denne tendens forstærkes af, at man på grund af, at riget fattes penge har ændret strukturen i Kort og Matrikelstyrelsen (KMS) (det der før var Geodætisk Institut, Matrikelvæsenet og Søkortstyrelsen) således, at man nu skal være selvfinancierende. En af mulighederne til at tjene penge er, at kunder der har specielle ønsker kan købe sig til dem. Boligministeren der er ressortminister for KMS har givet mulighed for, at man kan købe sig til et Aa i stedet for et Å i "sit" stednavn. I kartouchen vil stå at Å og Aa er lige gyldige grafemer, men et sådan kortblad vil ligne et sammenklippet puslespil af nyt og gammelt.

Stednavneudvalget bruger fortsat former med Å å i fortegnelser over autoriserede navne, men i indledningen er nævnt ministeriernes tilladelse til valgfrihed.

Birte Hjorth Pedersen
København

RAPPORT FRA DEN 5. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING
Blindern 18. november 1988

Konferencens hovedemne var skriftlig og mundtlig normering af navne, hovedsagelig stednavne. Det er et emne der interesserer alle og som alle har en mening om og som kan bringe gemytterne i kog. I 1910, da Danmark fik sit normerende organ, Stednavneudvalget, regnede man fra centraladministrationens side med at lister over ensartede stednavneformer kunne udarbejdes på ca. 4 år. Man anede ikke, at stednavne er et levende materiale der endnu i 1992 ikke er blevet tæmmet af normer.

Konferencens emne var aktuelt, fordi man stod over for vedtagelsen af en lov om stednavne, om skrivemåder og regler herfor. Det var vigtigt at få gennemdrøftet emnet i et bredt fagligt miljø. Det blev gjort gennem 12 indlæg (med efterfølgende diskussioner) der belyste emnet fra mange sider. 3 indlæg handler om retskrivning, 4 om normalisering, 2 om konsu-

lenttjenesten der er grundlag for fastsættelse af navnene, 2 handler om mundtlig normering af stednavne og 1 om udenlandske geografiske navne. Bogen afsluttes med gengivelse af loven om stednavne samt bemærkninger til loven.

I det første indlæg redegør (nu afdøde) Johs. Aanderaa for Kulturdepartementets arbejde med retskrivning af stednavne. Fra Danmark genkender vi diskussionen om beslutningerne skal være centrale eller decentrale. I det danske Stednavneudvalgs første år blev der lagt mest vægt på den sproglige, faglige kompetence, men som i Norge gik der politik også i navnesager, og fra 1978, hvor Stednavneudvalget blev reorganiseret, blev der lagt mere vægt på udtalelser fra lokal side (- nærdemokrati giver vælgerstemmer -), men beslutningerne tages centralt. Det svarer til det norske ønske om, at et norsk stednavneudvalg bør have ansvaret for retskrivningen og et stednavneregister.

Botolv Helleland behandler i sit indlæg "Etymologisk eller dialektnær skrivemåte av stadnamn" et vigtigt punkt. Hvis man anser stednavne for en del af landets sprog, og som sådan alles ejendom modsat personnavne, må man have entydige former der ikke kan påvirkes politisk eller følelsesmæssigt, man skal kunne genkende formerne, hvor som helst i landet man finder dem. I Danmark kan man helt følge Botolv Helleland i den anskuelse, at en normering må i høj grad gå i retning af det etymologiske, men med hensyntagen til dialekterne.

En fast konsulenttjeneste som den norske er fremmed for danskere, hvor man bygger på relevante oplysninger fra Institut for Navneforsknings samlinger og fra Kort- og Matrikelstyrelsens topografer der rekognoscerer ude i landet.

Interessant er det at se den norske navnelov som resultat af anstrengelserne med at fastlægge normering af stednavne. Den har mange lighedspunkter med den gældende praksis i Danmark, f.eks. at de lovfæstede former skal bruges i alle offentlige organer, svarer til at danske autoriserede former skal bruges i offentlige forhold. Det samme gælder, at man har *en* stavemåde af *et* navn. At der før fastsættelsen af stednavneformer skal høres lokalt i kommunerne svarer til, at man før udgivelsen af de danske lister har hørt lokalt. Men mens den norske konge er højeste myndighed i stednavnesager, så når navnene i Danmark ikke højere end til kulturministeren. Til gengæld har alle danskere ret til at klage over et navn, dets form eller stavning. Klagerne behandles i Stednavneudvalget og i princippet kan alle former omautoriseres af kulturministeren, men intet rettes uden stor lokal opbakning.

Arbejdet med normering af stednavne er et utaknemmeligt job, fordi autoriteterne oftest huskes for de upopulære afgørelser de må træffe og

sjældent får tak for at skaffe rimelig orden og overensstemmelse i navnefloraen. Men så må man som Jørn Sandnes trøste sig med den danske digter Johs. Jørgensens ord:

Og venner må du slippe
de går en anden vej
og miste navn og ære..
Hold ud og opgiv ej!

Birte Hjorth Pedersen
København

RAPPORT FRÅN DEN 6. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING
Blindern 23. november 1990

I den nu föreliggande konferensrapporten presenteras ett 20-tal norska namnforskningsprojekt. Rapporten visar på en livaktig norsk forskning med mycket stor bredd. Det bland norska forskare ständigt återkommande önskemålet om en vidareföring av Norske Gaardnavne aktualiseras av Kristin Bakkens inlägg. Hon beskriver utförligt de svårigheter som en redaktör ställs inför vid bearbetningen av Kåre Hoels efterlämnade råmanuskript om 7789 handskrivna A5 sidor till *Norske bustadnamn*. Synpunkter på bl.a. *Norske bustadnamn* vad gäller riktlinjer för insamling och registrering m.m. och på projektets framtid framförs av Oddvar Nes i inlägget "Nasjonale prosjekt i namnegransking". Stefan Brinks inledande presentation av tre svenska projekt *NONELex*, *Hälsinglandsprojektet* och det tvärvetenskapliga *Barknåreprojektet* aktualiserar frågor om onomastikens gränser och om dess uppgifter.

För projekt som syftar till insamling av ortnamn redogör Tom Schmidt (*Opplandsprosjektet*) och Finn Myrvang (*Stadnamnprosjektet i Nordland*). Båda projekten är gigantiska i sin omfattning, och det insamlade materialet, databaserna, kommer att vara framtida forskning till stor gagn. Nämnas kan att Opplandsprosjektet för insamlingsarbetet engagerat och utbildat över 400 personer och att Stadnamnprosjektet i Nordland hittills samlat in över 33 000 namn. För ortnamnsmonografier i vardande redogör Tom Schmidt (namnen på *-by/-bø*) och Margit Harsson (*-rud*-namnen). Språkkontaktfenomen dryftas i Eira Söderholms inlägg där hon redogör för en analysmodell för ordsemantiska förändringar av topografiska appellativer med exempel från de nordfinska dialekter som talas i svenska Tornedalen och i Nord-Norge. Som teoretisk exercis fungerar modellen väl, men jag ställer mig något tveksam till dess användbarhet som verktyg i tillämpad

språkforskning. Interferensproblematiken är också aktuell för Tuula Eskeland som presenterar sitt projekt om finskan i Sör-Norge och de finska ortnamnen på Grue Finnskog i Øst-Norge. Varför vissa terrängbenämningar går ur bruk medan andra fortfar att vara produktiva som appellativ eller i ortnamn och varför antalet terrängbenämningar för höjder är långt fler än de för sänkor, är frågor som sysselsatt Aud-Kirsti Pedersen i det projekt som rör terrängbenämningar i tre Troms-bygder.

Att en bygds ortnamn bäst förstås och tolkas utifrån bygdens egen historia och topografi betonas av Botolv Helleland i ett metodiskt viktigt inlägg. Hans material utgörs av ca. 8000 namn från Eidfjord i Hardanger. Att norsk namnforskning är vittomfattande vittnar Gudlaug Nedrelid Horgens projekt *Slektsnamn i folketeljingi av 1801*, Anne Svaneviks projekt kring namnbyten och namnlagstiftning i modern tid och inte minst Kristoffer Krukens digra undersökning av norska konamn. Problem bl.a. vad gäller sortering av namnvarianter i statistiska namnundersökningar behandlas av Gulbrand Alhaug. Slutligen presenteras arbetet med norsk stadnamnbibliografi och norsk personnamnbibliografi av Terje Larsen resp. Terje Aarset.

Rapporten från den 6. nasjonale konferansen i namnegransking är ett värdefullt dokument där viktiga frågor inom onomastiken diskuteras på ett fördomsfritt och givande sätt.

Richard Molin
Uppsala

NORDISK SYMPOSIUM OM "ANDRE NAMN"

Etter oppdrag frå Den nordiske samarbeidskomiteen for namnegransking (NORNA) arrangerte Dialekt-, ortnamns- och folkminnesarkivet i Göteborg eit symposium om "andre namn" 4.-6. desember 1991. Dette var det nittande symposiet NORNA har arrangert sidan symposia kom i gang i 1972. Gruppa "andre namn" omfattar i prinsippet alt som ikkje er stadnamn eller personnamn. Det er først og fremst stadnamna som har hatt prestisjen i nordisk namnegransking, med personnamna som ein liten veslebror på slep. Rett nok er det skrivi ein del om visse andre grupper, t.d. kunamn, men ikkje så mykje og så systematisk at ein kan snakke om ein sjølvstendig disiplin. Oppslutninga om symposiet i Göteborg - ca. 45 deltakarar - viser likevel at det ligg ei sterk latent interesse for desse "andre" namna kringom i fagmiljøa. Gledeleg var det òg at symposiet samla folk frå fag som etnologi, historie og allmenn språkvitskap. Dei gav mange tankevekkjande innspel både i foredrag og diskusjonar.

Programmet opna med teoretisk-prinsipielle innlegg av Thorsten Andersson, Bent Jørgensen og Bengt Pamp. Dei sette viktige rammer for forståinga av omgrepet *namn*, og for korleis språklege uttrykk for ymse objektgrupper bør vurderast i høve til særkjenna på eit *namn* andsynes ei *nemning*. Andersson la òg fram eit pedagogisk og klargjerande oversyn over proprielle mønster. Han delte namna inn etter korleis dei knyter seg til ordtilfang og namneinventar generelt. Stadnamn har såleis mykje oftare enn t.d. personnamn direkte basis i vanlege ord. I den grad det sig ord inn i personnamna, gjeld det som regel (uoffisielle) tilnamn, sjeldan førenamn. Førenamna ytrar seg i det alt vesentlege som repetisjon eller variasjon av etablerte namn eller namneledd. På den andre sida er det Andersson kalla "fonotaktiska möjligheter" - dvs. reint lydlege konstruksjonar - knapt å finne som stadnamn, men dei er ein type som ofte blir utnytta i intimnamn og i kommersielle namn (firma, varemerke o.a.).

For eigen del vil eg leggje til at det mønsteret Andersson skisserte, faktisk òg - og kanskje ikkje utilsikta - inneheld eit metodisk poeng for personnamngranskinga: Leitar ein etter det språklege grunnlaget for eit dunkelt personnamn, bør ein først prøve alle utvegar innan personnamna sjølv, før ein eventuelt går vidare til ordforrådet.

Etter kvart som symposiet skreid fram, fekk underskrivne ei kjensle av at det nok ikkje var berre lurt å køyre fram både Moses og Aron alt i første økta. Ein av dei kunne med fordel ha vori spart til ei statuerande oppsummering på slutten. Det viste seg nemleg at termen *namn* vart nytta i vekslande meining litt etter som emna veksla. Slik eg oppfatta foredraga, gjaldt eit par-tre av dei primært *nemningar* og ikkje namn, og nemningsbruk er ordstudium og ikkje namnegransking. Eg syntest eg merka ein tendens til at offisielle nemningar fekk namnestatus på grunn av sin offisialitet, godt støtta av den folkelege bruken av uttrykket *namn* (der *ku* og *Dagros* blir same kategori: namn). Dei sprikande oppfatningane førte òg til ei viss forvirring i diskusjonane. Det slo meg at i somme tverrvitskaplege samanhengar har namnegranskinga avgjort meir å lære bort enn å lære når det gjeld omgrep og terminologi. Elles blir det jo ofte sagt at faget vårt tek imot meir enn det har å gje når faglege synspunkt brytst.

Symposiet baud i tur og orden på foredrag om kommersielle namn, namn på norske lystbåtar, plantenamn (eig. -nemningar), danske kattenamn, finske hundenamn, namn på færøyske saueflokkar, vestlandske geitenamn, norske og svenske kunamn, namn på lokomotiv, kjælenamn på svenske bilar, båtnamn i nordisk, engelsk og nederlandsk, namn på "matställen" i Göteborg, namn/nemningar på potetsortar og namn på offentlege og private norske institusjonar. Det vart framlagt store og til dels fargerike materialsamlingar. Slikt stoff får lett eit anekdotisk preg som jamvel kan

gli over i det komiske. Det kjem naturlegvis mykje av at forskingsfeltet er nytt, men det reflekterer etter mi meining òg prinsipielle skilnader mellom ulike kategoriar av namn. For det første utgjer t.d. førenamn og slektsnamn eigne onomastikon (namnestokkar), medan t.d. lokomotivnamn og båtnamn i hovudsak er oppbygde av lån frå andre kategoriar eller frå ordtilfanget. Kunamna står omtrent midt imellom. Namn som *Staslin* og *Dagros* er delar av eit særeige forråd, men samtidig låner kunamna mykje frå personnamna og stadnamna. Frå kunamn til personnamn skjer det derimot ingen overgang. Låneretningane opnar prinsipielt for større variasjon i dei kategoriane som tek imot enn i dei som gjev. I tillegg har det mykje å seie om objekta er varige (stader) eller stuttliva (katter, geiter, kyr), og om namna skal brukast på høgt eller lågt nivå i samfunnet. Her ventar mange spennande problem for den som vil gå ein annan veg enn den gamle vante i namnegranskinga.

La meg avslutte med nokre ord om foredraget til den norske etnologen Bjarne Rogan. Han stilte spørsmål om kva namngjeving av objekt som båtar og hus tener til eller er uttrykk for. Han delte motivasjonen i tre: individualiserande i den fysiske verda (utpeiking, med eit visst verdiladande element), ekspressiv i den sosiale (signalisering av verdiar) og rituell i den kosmiske. Identifikasjonsbehovet blir her berre ein del av eit spekter med faktorar, der meiningsdanning og symbolsk tileigning av omgjevnadene spelar ei nøkkelrolle. Reint faktisk slår desse aspekta i dag m.a. ut i namngjeving av objekt som ein av identifikasjonsgrunnar slett ikkje hadde behøvd å namngje. Til dømes *kunne* den norske bonden ha greidd seg med berre nummer på kua, men han gjer ikkje det. Truleg ligg motivasjonen her mest i det sosiale; han vil signalisere at kua har personleg verdi og fortener meir enn økonomisk omsorg, i samsvar med gammal bondetradisjon. Men tilhøvet til "maktene" kan òg verke med. Iallfall når det gjeld namn bonden *unngår* å bruke - t.d. namn på ei tidlegare ulykkesku -, ligg det nok eit kosmisk aspekt under. Denne avverjingsmekanismen har òg stoppa traderinga av mange personnamn. Rogans foredrag var eit av dei mest gjevande på symposiet, og det peikte langt utover dei moderne lystbåtane som han henta illustrasjonsmateriale frå.

Foredraga og diskusjonane blir utgjevne som NORNA-rapport seinare i år. På vegner av dei norske deltakarane takkar eg gøteborgarane Hugo Karlsson ved arkivet og Bo Ralph ved universitetet for eit godt arrangement.

KK

KOMANDE NORNA-SYMPOSIUM

NORNAs 21. symposium skal handle om "Slektsnamn i Norden" og blir arrangert i Oslo 17.-20. september 1992. Frist for påmelding var 15. mai, men arrangørane er viljuge til å tøye fristen til dette bladet er ute hjå lesarane. Påmelding skal sendast til Avdeling for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 02/854375.

NORNAs 22. symposium skal handle om "Vikingetidens sted- og personnavne" og blir arrangert i København 14.-16. januar 1993 i samband med eit stort opplagt *Vikingeår* ved Københavns Universitet. Påmelding skal sendast til Institut for Navneforskning, Njalsgade 80, DK-2300 København, innan 31. mai.

DAGROS OG SEMINA

Asbjørn Karbø og Kristoffer Kruken: *Gullhorn og dei andre. Kunamn i Noreg.* Oslo 1991. ISBN 82-529-1469-1. 183 sider. Ill. Innb. kr. 240.

Den kjende husdyrmannen, no pensjonist Asbjørn Karbø og namnegranskaren Kristoffer Kruken har skrive denne boka om 26 000 kunamn på 350 000 kyr. Det vil seie alle kunamn som var registrert av kukontrollen i 1988. Blant desse var *Dagros* (6794 kyr) det mest brukte namnet. Så følgde *Litagod* (6114), *Rosa* (5752) og *Stjerna/-e* (5685). Frå barndomsfjøset minnest eg *Edelin* (156), *Svangros* (451) og *Litagod* som dei vanlegaste.

I 1990 vart tilfanget supplert med spørrelister (sjå s. 99) til rådgjevarane i kukontrollen. Svara skulle gi meir innsyn i namneskikken: Når får kyrne namn? Kven gir namn? Finst reglar for namning og oppkalling? Andre spørsmål gjaldt kor mange buskapar som brukte kunamn, og om kutalet hadde noko å seie for bruken av namn. Alt dette får vi vita meir om i boka.

Dette er første gongen nokon har gjeve eit landsoversyn over norske kunamn. Noko tilsvarande er heller ikkje gjort i nabolanda. Hallfrid Christiansens "studie over nordnorske husdyrnavn" frå 1938 blir rekna for det grundigaste arbeidet om kunamn her til lands. Boka til Karbø og Kruken gir seg ikkje ut for å vera ei språkvitskapleg avhandling. Ho er først og fremst populærvitskap og "ei tilrettelagd samling av norske kunamn i moderne tid". Somme lesarar vil nok likevel oppleva boka som ganske "vitskapleg". Eit drøss tabellar, diagram og prosenttal bygger opp dette inntrykket. For alle som har sakna eit fagleg forsvarleg og lesverdig oversyn innan emnet, er boka heilt på topp. Når ein ser brukargruppene

samla, må ein derfor seie at alt stoffet er nyttig. Dessutan har "Gullhorn og dei andre" vorte ei gullbok å sjå til. Det er grunn til å lykkønske forlaget med smakfull grafisk formgjeving og godt biletstoff. Dei fleste bilettekstane er òg bra.

Eg spår at dei alfabetiske kunamn-listene atti boka vil få flest fingermerke i mange bøker. Desse listene (s. 101-181), som utgjer omtrent halve boka, gir tilfang og idéar til ny gransking. Dessutan kan dei hjelpe bønder som står i beit for kunamn. Likså viktig er at bøndene får sjå kor vanleg det er å bruke namn på kyrne. Eg veit somme har gått og følt kunamna som noko gammaldags ein helst ikkje burde vedkjenne seg. Sånn vil boka kunne styrke bruken av kunamn, som er ein kulturarv vel verdt å ta vare på. Ein skal ikkje sjå bort ifrå at forholdet mellom dyr og menneske blir betre når kua har namn. Og god trivsel gir meir mjølk på tanken, om vi absolutt treng slike verdimål.

Boka inneheld ei fyldig litteraturliste, som stort sett er ei oppdatering av ein bibliografi Terje Aarset laga i 1977. Saman med kapitlet "Glimt frå tidlegare forsking" fortel litteraturlista at det har vorte skrive mange artiklar om husdyrnamn. Dei fleste har lokalt innhald og handlar helst om kunamn (sjeldnare geitenamn). Andre husdyr har også hatt namn, men dette har vorte lite påakta av granskarane. Dette kjem vel helst av at ein har studert fortidig namnebruk, og da flyt kjeldene rikast for kunamn. Dei finst som kjent i skifteprotokollane, som går attover til 1600-åra.

Ansleis blir det om ein studerer husdyrnamn av i dag. Namn på hundar og katter vil kunne granskast på grunnlag av namnelister i hunde- og katteklubbar. Slike namn skulle elles kunne samlast inn ved hjelp av skuleelevar. Mange sauebønder har namn på søyene sine, men sauekontrollen registrerer berre nummer. Kjeldesituasjonen er derfor dårlegare enn for kunamn. Lettare ville det vera å granske vêrnamn. Her har vêrringane eit stort tilfang, men ein må nok til kvar enkelt ring for å få tak i namna. Her vil ein mellom anna få sjå at skikken (somme vil seie uskikk) med dobbeltnamn har vorte utbreidd i seinare år. Avlsvêrar kan no heite Brisk Sande, Flink Bakkom eller Rugg Stemshaug! Namn nummer to tilhører oppdrettaren eller garden der vêren kjem ifrå. Det ligg mange oppgåver og ventar dei som vil granske husdyrnamn. Karbø og Kruken har vist veg med si gode bok om kunamna.

Kolbjørn Aune
Kyrksæterøra

FARLIG NAVNENORMERING I NORSKHETENS NAVN

I denne artikkelen vil jeg ta for meg et par sentrale problemer som knytter seg til normeringen av norske stedsnavn. Først vil jeg filosofere litt over hva navnenormering egentlig er. Her vil jeg hevde følgende: *Normering av stedsnavn er språklig kunnskapsformidling til det breie lag av folket*. Det er kunnskapsformidling som rommer alle aspekter ved det vi med et samlebegrep kan kalle *språklig kulturarv*: målføre, språkhistorie og flere svært ulike skrifttradisjoner. Spørsmålet om normering blir derfor i stor grad et spørsmål om *hva slags kunnskaper* en ønsker å nå ut med til folket. De som ønsker å formidle *målførekunnskap*, vil tilstrebe dialektnære skriveformer. De som ønsker å formidle *språkhistorisk kunnskap*, vil skrive mer etymologisk; i praksis vil det si at en velger en skriftform som samsvarer med en uttale en tror har eksistert for noen hundre år siden, eller mer. Dessuten finnes der mindre grupper som hver på sin kant er opptatt av *litterær tradisjon*. En har ortodokse nynorskfolk, og en har konservative riksmålsfolk. Hos den første gruppa vil etymologien veie tungt i normeringen. Hos den andre vil en gjerne hevde innarbeidde skriftformer, som ofte kan være både unorske og historisk gale. Om disse to gruppene er aldri så ulike, så har de noe felles: Begge vil hevde litterært pregede former de selv liker.

Midt oppe i dette virvaret har en så mottakerne, det breie lag av folket. Altfor få har spurt seg om hvordan *de* vil ha det.

La oss med en gang slå fast at normeringssituasjonen er en *kommunikasjonssituasjon*. Her gjelder de samme grunnregler for språklig kommunikasjon som ellers. En har en *avsender* (her navnekonsulenten), en har et *budskap* (her skrivemåten av et stedsnavn) og en har en *mottaker* (her det breie lag av folket). Avsenderen er en norskfilolog. Gjennom årelange studier er han gang på gang blitt innprentet at en avsender alltid, absolutt alltid, må beregne sitt budskap for det tenkte publikum. En tekst som ikke er innrettet mot mottakerens kunnskaper og interesser, er mislykket. Dessverre har det vært vanlig, når filologene opptrer som stedsnavn-normerende avsendere, at mottakerne har kommet i bakgrunnen. Altfor ofte har normeringen, kartene og veiskiltene, blitt en arena der språkengasjerte folk har ridd sine språklige kjepphester.

Fordi normering er kunnskapsformidling, og fordi det er å utforme et budskap til en mottakermasse, *må* avsenderen forsøke å sette seg inn i mottakerens situasjon.

Det er det *jeg* har forsøkt å gjøre. Jeg har forsøkt å reflektere litt over opplevelser jeg selv har hatt som mottaker av normert navnemateriale. Her følger noen eksempler.

Jeg hadde meg en gang en skogstur, og kom til et vann. "Støsvannet" stod det på kartet. Dermed forestilte jeg meg en uttale som var /'stø:svanne/. Seinere traff jeg en innfødt, men han sa /'støssvanne/. Jeg ble litt forbauset, men ikke sterkt overrasket. Jeg følte ikke at den normerende avsenderen hadde lurt meg, fordi jeg som et alminnelig menneske vet at det ikke alltid er helt samsvar mellom skrift og tale. Den slags moderate avvik må en regne med.

Jeg studerte en gang et kart over Vest-Agder. "Nenningsland" stod det på en gård. Det lyder greit, tenkte jeg. Da jeg seinere slo opp i Norske Gaardnavne, fikk jeg sjokk. Der oppgis uttalen å være /"nænneklann/! Jeg følte meg lurt trill rundt av den normerende avsenderen. Jeg hadde ikke i min villeste fantasi forestilt meg at en kunne skrive "ings" hvis en sa "ek". Her er jeg framme ved det jeg kaller "farlig normering":

En normering er farlig når et stedsnavn blir skrevet med så stor avstand til uttalen at publikum vil føle seg lurt.

Å trekke skarpe grenser mellom farlig og ufarlig normering, lar seg neppe gjøre. Normering er og blir problematisk.

For å kunne løse normeringsproblemet må vi vite noe om mottakerens kunnskaper og interesser. Her kan vi med en gang slå fast at nordmenn (bokmålsfolk og nynorskfolk) er et ytterst dialektbevisst og dialektvennlig folkeferd. Samtidig er den alminnelige nordmann klar over at en ikke kan skrive helt som en snakker. Selv om stedsnavn i sin natur er dialektord, må også disse normeres. Mye taler imidlertid for at en bør unngå farlige normeringer. Den riktige vei å gå, for å minske dette problemet, må være at en vurderer nøye avviket imellom skriftform og ekte uttale. Dette avviket må aldri bli for stort. I noen tilfeller hender det at uttalen har løpt løpsk, slik at en noe hardhendt etymologisk skriveform er ønskelig. Likevel:

En hovedregel bør være at publikum ikke skal møte større avvik mellom skrift og tale som navnemottakere, enn det de er vant med som språkmottakere ellers.

La meg ta flere eksempler, og la meg like godt begynne med mitt eget etternavn. Som gårdsnavn finnes *Haslum* flere steder. I mitt tilfelle kommer det fra ei lita grend imellom Risør og Kragerø. Lokal uttale er /"hasslom/. Eldste skriftform er "Haslim" 1528. Et navn av dette slaget synes ikke å volde tolkningsproblemer for navnegranskerne. Det er sammensatt av *hasl* (hassel) og *heim*. Noen kilometer unna ligger en tilsvarende navnegård. Den heter *Lindum*, med en tilsvarende uttale som var /"linnom/; men rundt århundreskiftet, da norskhetsidealet blomstret, ble skriftformen forandret til "Lindheim". Denne skriftformen har fått slikt gjennomslag, både i slektsnavn, skrift og tale, at den ekte uttalen er blitt fortrengt. Noe liknende skjedde altså ikke på Haslum, der alt er ved det gamle.

Haslum og "Lindheim" ligger i **Kragerø** kommune. Dette bynavnet har nå en uttale som svarer helt til skriftformen. "Kragerø" (egentlig Kråkerøy) er et eksempel på farlig normering i danskhetens navn. "Lindheim" er et eksempel på noe annet: *En farlig normering i norskhetens navn*. Gårds- og soknenavnet *Grindum* > *Grindheim* i Vest-Agder er en parallell til det samme.

Haslum har en nabogård som heter *Levang*. Eldste skriftform er "i Lifangræ" ca. 1400. Nåværende skrivemåte svarer helt til uttalen. I Nord-Trøndelag har en kommune- og tettstedsnavnet "Levanger". I Norsk stadnamnleksikon oppgis den ekte uttalen å være praktisk talt som *Levang*. Her har en to like navn som er gitt forvirrende ulik normering, den ene ufarlig, den andre farlig. På Lista fantes en gård med navn *Hanang*. Så holdt en i skrift fast ved en farlig hyperform. Nå sier alle "Hananger".

Slike former for normering er så ekstra farlige, fordi den alminnelige nordmann ikke har noe immunforsvar mot slike kunstige, hypernorske former. Annerledes er det med fordanskningene. En nordmann vil uten videre føle at former som "Egelien" og "Agerøen" er unorske og fremmede. Det er årsaken til at danske former har hatt så vanskelig for å trenge inn i det norske talemålet.

Noen vil kanskje lure på om denne artikkelen er ment som et forsvar for alle mulige dialektformer. Det er ikke meningen. Men er det da mulig å følge gjeldende retningslinjer, og samtidig å unngå å normere farlig? Jeg tror at det stort sett er mulig, selv om enkelte detaljer i regelverket kanskje kunne ønskes annerledes.

Normering er nødvendig, og mange former er ganske ufarlige. Selv er jeg oppvokst på "den bløde kyststriba". Å normere "Hanneviga" til "Hannevika" er ganske ufarlig. De bløte konsonantene sitter så sterkt i sørlendingenes bevissthet at former som "vika" uten videre vil bli oppfattet som en normering av "viga". Den er således ingen trussel mot den ekte uttalen, og er dermed helt ufarlig. Når en derimot skriver "Bjørndalen" og ikke "Bjønndalen", er en straks ute på farlige veier. Her har vi et gammelt, gjennomført språkdrag som i våre dager er truet på grunn av hardhendt normering. Den alminnelige sørlending har ikke den samme følelsen for slike assimilerte former (*rn* > *nn*). Skriftspråket vil her ha en voldsom påvirkningskraft på talemålet. Ved Kristiansand finnes ei tjønn som i tråd med gammel uttale skrives "Bånetjønn". Hadde en i stedet skrevet "Barnetjønn", er jeg sikker på at den gamle uttalen aldri hadde overlevd.

De store målreisingsmenn hadde ikke alltid den store sansen for slike regionale språkdrag. Aadne Garborg er et godt eksempel. For ham var ikke det rotekte jærbunavnet han fikk i dåpen norsk nok. Det kastet han lett av seg, og ikledde seg hyperformen "Arne".

Noen har hevdet at det å normere ikke er så farlig. Navnet lever sitt eget muntlige liv, blir det sagt. Det er nok en idealtilstand som slett ikke alltid stemmer med de faktiske forhold. I eldre tid var nok mottakerens første møte med et navn muntlig, der en ekte innfødt var avsender. Nå blir det stadig vanligere at folks første møte med navn blir på veiskilt og kart. Normeringen får dermed store konsekvenser. Navnekonsulenten blir på mange måter en slags erstatning for den gamle kjentmannen. Spørsmålet om normering blir da et spørsmål om hvor mye vi ønsker at dagens normerende avsender skal fjerne seg fra det genuine muntlige budskap.

Det har i denne artikkelen vært meningen å peke på et par sentrale problemstillinger en står overfor når en skal fastsette skrivemåten for stedsnavn. Med *hensynet til mottakeren* som utgangspunkt har jeg forsøkt å vise hvilken påvirkningskraft skriveformer har på uttalen av navn. I den forbindelse har det vært svært viktig å belyse *farlig normering*, der hypernorske former er mye farligere enn danske, fordi det breie lag av folket ikke har noe immunforsvar mot slik språklig påvirkning.

Navneformer som *Lindum*, *Levang* og *Bjønndalen* er ikke resultat av noen slapp, slarvete eller forvrengt uttale. De er alle tre alminnelige, ekte norske former som hører heime i vår tid, men som nå er truet, ikke av fordanskning, men av farlig navnenormering i norskhetens navn.

Vidar Haslum
Birkeland

SKJER-, SKJEL-, SKIL- ELLER SKIRDALEN?

Heidalen, nedste delen av Sjoa-dalføret, høyrde frå gamalt til Vågå kommune, var eigen kommune frå 1907 til 1965, nå del av Sel kommune. Følgjer ein elva Sjoa frå åmotet der ho møter Lågen, 10-12 km oppover dalen, kjem ein til ei trong innsnevring, der elva har gravi seg djupt ned, slik at det er eit skilje mellom Øvre og Nedre Heidal. Vegen der går så å seia på ei hylle i ein bratt bergvegg. Namnet på dette tronge stellet blir lokalt uttala /sædan/. I ei eldre utgreiing, truleg frå tidleg på 1700-talet, er namnet på ein bekk som renn ut i Sjoa nettopp ved denne delen av dalføret, skrivi *Schieren*, og det er rimeleg å tru at det er eit forsøk på å gje att lokal uttale som kan ha vori /si:rin/ (bekken blir nå berre nemnd /sædasbækken/). *Skrivemåten* av namnet på dalen må ein vel sjå i samanheng med tydinga. Kva er den rette? Desse tre teoriane kan vera aktuelle:

1. Verbet *skjera* og/el. substantivet *skjer* kan tenkjast å utgjera fyrste delen av namnet, for di elva har *skori* seg ned og laga eit *skar* i denne

smale delen av dalen. Denne teorien ligg til grunn for skrivemåten *Skjærdalen/Skjerdalen*.

2. Det at innsnevringa deler Heidalen i to, lagar eit *skilje*, eit *skil/skjel* /sæl/ (utbreidd austnorsk uttale), kan leie tanken inn på skrivemåten *Skildalen*, *Skjeldalen* eller *Skjældalen*: Verbet *skilja - skil - skilde - skilt* blir hjå oss uttala om lag /sölja - söl - söde - söt/, og som substantiv har eg som gamal odøling frå barndomen kjent ordet /vægasel/ (vegskilje, vegdele), vanleg brukt her oppe òg. Ut ifrå dette kan det tenkjast at namnet bør skrivast med *l* i staden for med *r*.

3. Adjektivet *skir* (*skjær*) 'rein, klar'.

Eg let spørsmålet i overskrifta stå ope.

Olav Nesse
Heidal

MØTE I DEN NORDISKE DIVISJONEN AV FN

Den 13. mars i år hadde den nordiske divisjonen (Norden Division) av FN møte på Forskningscentralen för de inhemska språken i Helsingfors. Vel 20 personar frå dei nordiske landa (med unntak av Færøyane og Island) deltok, dessutan ein frå Estland. For Noreg møtte Kjell Birkevold, Stavanger, Kjell Kemi, Kautokeino, Eira Söderholm, Tromsø, Anne Svanevik, Hønefoss, og Botolv Helleland, Oslo. Ei rekkje saker som skal opp på den komande FN-konferansen i New York, vart drøfte, m.a. arbeidet med å minska bruken av *eksonym* (namneformer som er ulike dei opphavslandet nyttar, t.d. norsk *Themsen* for engelsk *The Thames*). Det vart vedteke å skipa ei nordisk arbeidsgruppe til å greia ut spørsmålet om korleis bruken av eksonym kan reduserast. Ann-Christin Mattisson, Gävle, skulle kalla saman arbeidsgruppa.

Ei anna sak som var oppe, var den *samnordiske kartdatabasen* som Nordisk ministerråd har gjeve støtte til. Lantmäteriverket i Gävle står for redaksjonen i samarbeid med dei andre statlege kartinstitusjonane i Norden. Innan 1994 er det venta at ein kartdatabase i målestokk 1:2 mill. skal vera ferdig. Databasen vil innehalda ein stadnamnbase på ikring 5000 av dei mest nytta nordiske namna. Også estiske namn skal kunna leggjast inn i basen. Mattisson, som gjorde greie for kartdatabasen, fortalde at han vil bli lagd i databasesystemet ARCINFO.

Eit problem som fleire av møtedeltakarane hadde merkt seg, var at utanlandske kart over dei nordiske landa ofte inneheld range namneformer. Dette problemet vil verta mindre om ein oppdatert kart- og namnedatabase kan gjerast tilgjengeleg for ulike kartprodusentar.

Til ny leiar for den nordiske divisjonen (frå 1.1.1993) vart **Botolv Helleland** vald. Han tek over etter **Eeva Maria Närhi**.

BH

UNGEGN - EN KORT BAKGRUND

Frågan om standardisering av geografiska namn togs upp i FN:s ekonomiska och sociala råd (Ecosoc) 1953. Ett utkast till ett program för att åstadkomma internationell likformighet i skrivningen av geografiska namn utsändes 1958 till alla FN:s medlemsländer. De flesta länderna ansåg att standardiseringen först måste genomföras på nationell nivå.

Generalsekreteraren fick 1959 i uppdrag av Ecosoc (resolution 715 A, XXVII) att samla en mindre grupp experter för att studera de tekniska problemen i samband med inhemsk standardisering. En sådan grupp samlades i FN:s högkvarter 1960. Den hade sex medlemmar; USA, Frankrike, Storbritannien, Iran, Guatemala och Kina. Därutöver deltog två observatörer från Förenade arabrepubliken, en från Västtyskland och en från US Board of Geographic Names. Gruppens första rapport är publicerad i World Cartography 7 (1962).

Gruppen framhöll behovet av en internationell konferens om standardisering av namn. En sådan konferens beslutades 1965 av Ecosoc, som uppdrog åt expertgruppen att förbereda konferensen. Gruppen samlades 1966 och den första konferensen hölls i Genève 4-22 september 1967. Där deltog 55 länder, däribland Danmark (Einar Andersen, Geodætisk Institut), Finland (Veikko Nurmi, Viljo Nissilä, Kerkko Hakulinen), Norge (Kristian Gleditsch, NGO, Eyvind Fjeld Halvorsen, Per Hovda) och Sverige (Sven Eric Lindqvist, RAK). Konferensen beslutade att expertgruppen skulle ombildas från en *ad hoc*-grupp till en permanent expertgrupp, där företrädare borde ingå från 14 språkligt-geografiska avdelningar (divisioner). En av de föreslagna divisionerna var Norden. Senare har flera divisioner delats, så att deras antal för närvarande är 19. Vid gruppens följande sammanträden deltog Per Hovda som representant för Norden.

En andra konferens hölls i London 1972. Där fick expertgruppen sitt nuvarande namn. En tredje konferens hölls i Athen 1977, en fjärde i Genève 1982 och en femte i Montreal 1987. Konferenserna återkommer således vart femte år.

I resolution 1 vid konferensen 1967 föreslogs att expertgruppen skulle sammanträda en gång om året. Praxis har efter hand blivit att gruppen möts två gånger mellan varje konferens och dessutom i anslutning till kon-

ferensen. Det har på senare tid diskuterats om endast ett sammanträde mellan konferenserna kunde vara tillräckligt.

I expertgruppen representerar varje deltagare sig själv i egenskap av expert. Detta till skillnad från konferenserna, där deltagarna representerar sina länder.

Allan Rostvik
Uppsala (1989)

Tillägg 1992

Möteskallelserna sänds i FN:s generalsekreterares namn till medlemsländernas utrikesministerium genom förmedling av ländernas permanenta beskickningar i New York. Åtminstone i Finland vidarebefordrar utrikesministeriet kallelsen till vederbörande ministerier och till institutioner inom området i fråga, som föreslår att en finländsk representant utses - eller låter bli att göra det.

Beslutet om representationen fattas av utrikesministeriet eller av det ministerium som närmast kommer på fråga (undervisningsministeriet, inrikesministeriet). Om mer än en representant utses förutsätter FN att en av representanterna utnämns till ordförande.

Eeva Maria Närhi
Helsingfors

FN-KONFERANSE OM STADNAMN

I tida 25. august til 3. september 1992 skal den 6. FN-konferansen om normering av stadnamn skipast til i New York. Desse konferansane vert haldne kvart 5. år, med representantar frå ein stor del av medlemslanda i FN. Mellom kvar konferanse er det møte i ekspertgruppa *UNGEGN* (United Nations Group of Experts on Geographical Names), sjå *Nytt om namn* nr. 14. For tida er fyrsteamanuensis Botolv Helleland norsk representant i gruppa.

Både på dei større konferansane og på UNGEGN-møta er det ei rekkje faste punkt på saklista. Dei viktigaste er (ved sida av dei meir formelle):

- meldingar om stoda i dei ulike landa og områda
- innsamling og normering av stadnamn
- stadnamn i fleirspråklege område
- prosedyre for fastsetjing av stadnamn
- retningslinjer for namn på kart o.a. publikasjonar
- databehandling av stadnamn

- utgjeving av namneregister (gazetteer)
- terminologi ved normering av stadnamn
- gjennomføring av FN-resolusjonar om normering av stadnamn
- bruk av eksonym
- stadnamn i fleirnasjonal samanheng
- skriftsystem og uttalereglar
- opplæring, praksis og internasjonalt samarbeid
- nasjonale og internasjonale møte og konferansar

Dei ulike delegasjonane førebur kortare eller lengre skriftlege innlegg om saker som dei har interesse av å fremja på konferansane/møta. Vanlegvis gjev kvar divisjon (gruppe av land med eit visst felles språkleg-geografisk samband) ei samla melding.

BH

RAPPORT FRÅ DEN 5. FN-KONFERANSEN

Den 5. FN-konferansen om normering av stadnamn vart halden i Montreal 18.-31. august 1987. Dei ulike delegasjonane la fram ei lang rekkje sakspapir som no er gjevne ut i rapporten *Fifth United Nations Conference on the Standardization of Geographical Names. Vol. II. Technical Papers. Montreal, 18-31 August 1987* (United Nations, New York 1991). Her er kome med fleire dokument som gjeld normering og bruk av stadnamn i dei nordiske landa. Rapporten gjev alt i alt eit breitt utsyn over stadnamnrøkta rundt om i verda. Han viser òg at dei fleste landa har meir eller mindre dei same problema, dvs. korleis samla inn namn, korleis skriva dei, korleis handsama namn i fleirspråklege område, korleis kan land med andre alfabet enn det latinske føra namna over til latinske bokstavar, korleis kan ein byggja opp namnedatabasar og namnelister, korleis handsama eksonym. Hovudprinsippet til FN er at stadnamn skal normerast på grunnlag av den lokale namnebruken og etter dei einskilde lands rettskrivingsprinsipp, og at andre land skal bruka og respektera desse namna.

BH

DEN 18. INTERNASJONALE NAMNEGRANSKARKONGRESSEN
Trier, Tyskland, 12.-17. april 1993

Fyrste rundskrivet for den 18. internasjonale namnegranskarkongressen i Trier, Tyskland, 12.-17.4.1993 er no sendt ut. Trier, som ligg ved elva Mosel(le) like aust for Luxembourg, vert rekna som den eldste tyske byen. Opphavleg var dette eit keltisk område. I romartida tente Trier som vesteuropeisk hovudstad for det romerske imperiet.

Hovudemnet for kongressen er *personnamn* med særleg vekt på *familienamn*. Foredrag og diskusjonar fordeler seg på fylgjande seksjonar: 1. Terminologi, 2. Namnesystem samanlikna interkulturelt, 3. Namnesosiologi, 4. Personnamn og stadnamn, 5. Namnegransking og leksikografi, 6. Namnegransking og historievitskapane, 7. Litterær namnegransking, 8. "Deonomastikk" (namn som grunnlag for vanlege ord), 9. Namnerett, 10. Granskingsprosjekt.

Frist for påmelding med foredrag (og eit kort samandrag) er 31. mai 1992. Adressa er *ICOS 1993. Postfach 3825, D-5500 Trier*. Kongresspråka er engelsk, tysk og fransk.

NONELex VEKS

Hausten 1991 kom fyrste utsendinga av artiklane i *Lexikon över nordiska ortnamnselement* (NONELex). Og no i vår kom andre sendinga, slik at det no er produsert til saman 23 artiklar, kvar på frå to til ti sider. Stefan Brink åleine står for heile ni artiklar, Richard Molin for tre. Vel 40 namnegranskarar har meldt seg på for å skriva om ulike nordiske stadnamnelement. Innhaldslista ser slik ut:

STADNAMNLEDD	FORFATTAR
-anger/-ånger (N)	Gösta Holm
-arve (S)	Evert Melefors
-arve(t) (N)	Stefan Brink
-bor (S)	Stefan Brink
-bränna (N)	Stefan Brink
-glo (S)	Jan Sterner
-grund (F, S)	Else Britt Lindblom
-hals (N)	Stefan Brink
-hammar(e) (S)	Stefan Brink

-hem (S)	Stefan Brink
-höd/-häd (N)	Helge Lindberg
-kis/-keis (N)	Jan Sterner
-lag/-log/-låg (N)	Botolv Helleland
-land (No)	Inge Særheim
-linda (S, F)	Richard Molin
-lock (S)	Stefan Brink
-mor(a) (S)	Richard Molin
-nor (N)	John Kousgård Sørensen
-rossel/-rössel (S)	Stefan Brink
-skåle (S)	Stefan Brink
-spjäll (S)	Mats Wahlberg
-torp (BN)	Gillian Fellows Jensen
-ä(c)kra (S)	Richard Molin

Forkortingar: BN = Storbritannia og Normandie, F = Finland, N = Norden, No = Noreg, S = Sverige.

NONELex er eit samnordisk leksikonprosjekt som er sett i gang av Nordisk samarbeidsnemnd for namnegransking (NORNA) og støtta av Nordisk samarbeidsnemnd for humanistisk forsking (NOS-H). Redaktør no er Richard Molin, som i 1991 tok over etter Stefan Brink. Det er all grunn til å gje dei to ros for gjennomføringa av prosjektet. At det faglege nivået i dei einskilde artiklane ligg høgt, er ikkje uventa. Og etter kvart som NONELex veks, vil alle som arbeider vitskapleg med nordiske stadnamn, ha eit viktig referansegrunnlag i artiklane.

Artiklane - og ein høveleg perm - er til sals for ein rimeleg pris. Skriv til *NONELex, Sturegatan 2A, S-75314 Uppsala.*

BH

NAMNEREGISTER FOR M711-KARTA

Nytt om namn har tidlegare (nr. 12 og 13) meldt om at Statens kartverk var i gang med å gje ut alfabetiske namneregister til hovudkartserien i målestokk 1:50 000, vanleg kalla M711-serien. Utgjevinga er no fullført med tre svære band som dekkjer kvar sin del av landet frå sør (bd. I) til nord (bd. III). Kvart band kostar 360 kroner. Dei kan tingast direkte frå Statens kartverk, Landkartdivisjonen, 3500 Hønefoss.

NORSKE NAMN PÅ TYSK

I *Nytt om namn* nr. 14 hadde me ei melding av ei doktorgradsavhandling, nemleg Gero Lietz: *Eigennamen in der norwegischen Gegenwartssprache. Probleme ihrer Wiedergabe im Deutschen am Beispiel belletristischer Texte.* No er avhandlinga gjeven ut som bok i serien *Europäische Hochschulschriften.* Reihe XXI. Linguistik. Bd./Vol. 109. Peter Lang Verlag. Frankfurt am Main-Bern-New York-Paris 1992. ISBN 3-631-44768-X.

FILOSOFISK OM NAMNETYDING

For om lag eit år sidan forsvarte Olav Asheim doktorgradsarbeidet *Reference and Intentionality* (University of Oslo, April 1991). Avhandlinga drøfter ulike tydingsaspekt av singulære termar, som proprium (namn) utgjer ein viktig del av. Forfattaren nemner innleiingsvis dei to hovudteoriane som vert lagde til grunn for diskusjonen av (kontekstbasert) namnetyding. Den eine (the Description Theory) går ut på at namn kan oppfattast som beskrivande uttrykk, eit syn m.a. John Searle har stått for. Den andre teorien (the Genuine Reference Theory) ser på namn som referensielle uttrykk, dvs. dei peikar ut objekta utan å beskriva dei. Her siterer forfattaren ei kjend utsegn av John Stuart Mill (1851): "Proper names are not connotative: they denote the individuals who are called by them; but they do not indicate or imply any attributes as belonging to those individuals."

I den vidare diskusjonen tek forfattaren for seg ulike omgrep og semantiske teoriar slik ein del sentrale språkfilosofar har formulert dei, som Bertrand Russel, W.V. Quine, Keith Donnellan, Gottlob Frege, Saul Kripke, Dagfinn Føllesdal, Hilary Putnam. Spørsmålet som vert stilt i kapittel 8, "Do Proper Names Have Senses?", svarar forfattaren på ved å visa til "klaseteorien" til Searle, som går ut på at tydinga av eit namn ikkje kan uttrykkjast i generelle vendingar, men at det er ei gruppe tydingskomponentar (kriterium) som knyter seg til namnet. Desse kriteria kan veksla meir eller mindre over tid, utan at dei fører til at tydinga av namnet vert prinsipielt endra.

Avhandlinga tek opp eit fundamentalt spørsmål som fleire namnegranskarar har vore opptekne av, nemleg tydinga av proprium i ein språkleg kontekst. Og det ser ikkje ut til at ein kan løysa dette problemet utan å dra inn ein språkfilosofisk tilnærmingsmåte. Men heller ikkje med Asheims avhandling er alle spørsmål som gjeld namnetyding, løyste. Eg skulle gjerne sjå at namnegranskarar og språkfilosofar kunne kommunisera vidare om-

kring dette problemet, ikkje minst for å byggja bru mellom dei ulike terminologiske sfærane.

BH

NY UTGÅVE AV NAF VEIBOK

Det er utruleg mykje informasjon som er samla på dei 496 sidene (medrekna bykartavdelinga og namneregisteret) i 1992-utgåva av *NAF Veibok*. I tillegg kjem rutekartdelen på 93 sider. Eit oversynskart over Noreg fylgjer òg med. I innleiinga er det nemnt at noko slikt som 100 000 detaljar er omtala.

Boka er bygd etter same leisten som tidlegare utgåver, men oppdatert og utvida. Knutepunkt, tettstader og andre lokalitetar av særskild interesse er omtala under dei einskilde vegstrekkjene (rutene), som er nummererte etter riks- og europavegnettet (slik det ter seg etter 20. juni 1992, då om lag ein fjerdepart av vegane får nye nummer).

For lesarane av *Nytt om namn* har handsaminga av stadnamna særleg interesse. Namneregisteret inneheld ikring 30 000 namn. Mange av desse er gjevne ei kort forklåring i vegboka, hovudsakleg på grunnlag av *Norske Gaardnavne* og *Norsk stadnamnleksikon*. Stundom verkar det noko tilfeldig kva namn som er kommenterte. Kjende namn som *Elverum* og *Gjøvik* er t.d. ikkje forklåra. I somme høve er gamalnorske former nemnde, men ikkje alltid like nøyaktig. Såleis er *ǫ* ("o med kvist") skrive som vanleg *o*.

Skrivemåten av namna vik ofte av frå den offisielle forma. Ein finn òg ulike skrivemåtar av namn i teksten, i rutekarta og på oversynskartet. *Åmot* i Vinje er t.d. skrive *Åmodt* på oversynskartet, *Nørdstebø* i Uvdal er skrive *Nørstbø* på rutekartet, *Æan* i same kommune er skrive *Åan*, *Bjornesfjorden* på Hardangervidda er skrive *Bjørnesfjorden* på rutekartet (men rett på oversynskartet), *Vøringsfossen* er skrive *Vøringfossen* i teksten og på rutekartet (men rett på oversynskartet), *Bømlafjorden* er skrive rett på rutekartet, men *Bømlafjord* på oversynskartet. *Maurset* i Eidfjord er i rutedelen skrive *Maurseth* med *Maursæth* i parentes (men rett på rutekartet). Meiningsløyser som *Sakfså* for *Skafså* finst òg. Samiske namn er nytta i forelda skrivemåte, t.d. *Gaggajavrre* mot *Gaggajavri* på 50 000-kartet, *Geinojokka* mot *Gæi'dnujokka* på 50 000-kartet (men etter siste rettskrivinga for nordsamisk skal namnet skrivast *Geaidnojohka*).

Erling Storrusten har som redaktør lagt ned eit digert arbeid på den nye utgåva. Men det er langt fram til namneverket får den konsekvente og rette skrivemåten som det bør ha. Ved neste utgåve bør dei formene som er nytta av Statens kartverk, og som er fastsette i samsvar med gjeldande

regelverk, leggjast til grunn. At det finst kart og skilt med vekslande skrivemåte rundt om i landet, er på det reine, men einaste måten å gjennomføra eit konsekvent namneverk på, er at alle offentlege og så langt råd private instansar nyttar den offisielle skrivemåten.

BH

SUNNMØRSGRAMMATIKKANE

Det nyskipa Ivar Aasen-selskapet har alt gjeve ut fyrste bandet i ein skriftserie som skal gjera tidlegare uprenta arbeid av Ivar Aasen tilgjengelege for ålmenta. Serien skal innehalda ei A-rekkje med Aasen-manuskript og ei B-rekkje med avhandlingar om Aasens vitskaplege verk. Det skriftet som no ligg føre (utgjeve på Norsk Bokreidingslag, Bergen 1992), ber tittelen *Sunnmørsgrammatikkane av Ivar Aasen* og er redigert av Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset. Oddvar Nes har skrive eit føreord om manuskript og redigeringsprinsipp.

Boka inneheld fem ulike arbeid om sunnmørsmålet: 1) Eit førearbeid frå 1838. 2) Ein grammatikk frå 1839. 3) Eit tillegg til 1839-grammatikken frå 1840. 4) Ein grammatikk frå 1841. 5) Ein grammatikk frå 1851. Her er ikkje staden til å gå nærare inn på desse arbeida, men ein kan lett slå fast at Aasen alt før 1840 viste mogne evner både som grammatikar og leksikograf. Og i det vesle kapitlet om Nomen propria i tillegget frå 1840 demonstrerer han, vel utan å ha noko førelegg for emnet, god forstand på klassifisering av stadnamn og personnamn. Det er grunn til å takka Ivar Aasen-selskapet og utgjevarane for at desse tidlege arbeida til Aasen no er gjevne ut. Og fleire kan ventast, mellom dei vonleg òg eit nytrykk av *Norsk Navnebog* frå 1878.

BH

NAMN OG NEMNE 8 - 1991

har komi ut med desse artiklane: Helge Sandøy: Åmdal og Åndalsnes, Jørn Sandnes: Norske sognenavn i middelalderen, Finn Myrvang: Norsk stadnamnleksikon 15 år, Kristin Bakken: Gustav Indrebø: "Stadnamni i ei fjellbygd". En metodeundersøkelse, Kristoffer Kruken: *Dulu*(-) i trøndske stadnamn, Tuula Eskeland: Svedjeindikerende finske stedsnavn på Finnskogene, Margit Harsson: Stadnamn i Aust og Vest, Ola Stemshaug: Bynamn-

strid og politikk i Trondheim i 1991, Gulbrand Alhaug: Russiske personnamn i Nord-Noreg. Skriftet inneheld elles nokre bokmeldingar.

Abonnement på *Namn og Nemne* får ein ved å melde seg inn i Norsk namnelag. Medlemmane i laget får i tillegg to nr. av *Nytt om namn* pr. år. Årspengane er berre 130 kroner. Du som les dette og framleis står utanfor - meld deg inn! Sjå adresser for innmelding fremst i dette heftet.

AVDELING FOR NAMNEGRANSKING. ÅRSMELDING 1991

inneheld forutan vanleg årsmelding desse artiklane: Kristin Bakken: *Hennike* og *Lydike*. Personnavn på *-ike* i norsk seinmiddelalder, Gunhild Birkeland: Dataregister av stadnamn og grunnord frå hovudoppgåver, Terje Englund: Fra Fredrik Fløte til Anton Plassen - en kort presentasjon av tsjekkiske personnavn, Margit Harsson: Tuppeskogen, Botolv Helleland: Stadnamn på *Grim-*, Kristoffer Kruken: Kvinnenamna *Albjørg, El(d)bjørg, Hallbjørg* og *Helbjørg*, Terje Larsen: *Oppåker* eller *Opaker*? Døme på ei namnesak etter den nye stadnamnlova, Tom Schmidt: *Rasmus* i Norge - et typisk nordfjordnavn?, Maria Aljoksjina: Ti funksjoner av ubestemt artikkel foran egennavn i norsk. Årsmeldinga kan tingast frå Avdeling for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Prisen er 60 kroner.

MEIR GODT NAMNEVETT

Nytt om namn har to gonger tidlegare (nr. 13 og 14) meldt om at Norsk språkråd gjev diplom for godt namnevett. I vår er det delt ut heile sju diplom til gode namnelagarar i Hordaland. Her reknar me opp vinnarnamna (dvs. namn med vett):

øl- og vinstova *Den stundesløse* i Bergen
skinn og lærutsalet *Syl og Såle* i Bekkjarvik
songkoret *Toneskredo* i Øvre Eidfjord
frisøren *Dårelokken* på Voss
Gjengangeren, Admiral Hotel, Bergen
vinstova *Havariet* i Bergen
dekor-, design- og illustrasjonsbyrået *Nebb og Klør* i Bergen

Merknad (red.): *Havariet* kan vel ha ulike konnotasjonar. Nettopp vertshus er ein type namneobjekt som har mange morosame og slåande namn. Her kan det vera på sin plass å minna om ein namnetype som førekjem ikkje

sjeldan om eldre serveringsstader, helst på Austlandet, nemleg imperativnamna av typen *Stig inn, Kom att, Bi så litt (Bislett), Stup ut*(!). At det har kome ein bensinstasjon ved det gamle *Fyll på* i Sem i Vestfold, får ein ta som eit heldig samantreff. Her finn ein forresten òg *Fyllpå barnehage* og *Fyllpå Frisørsalong*.

NAMNEFALDAR FRÅ KARMSUND MÅLLAG

Karmsund mållag har no teke opp ideen frå Tynset og Alvdal mållag om å gje ut ein faldar om personnamn og namneskikkar. Faldaren har teke omsyn til dei lokale namnetradisjonane i Nord-Rogaland. Føremålet er å få folk i større grad til å nytta heimlege namn på dei små - og å skriva namna beint fram utan ekstrabokstavar. Difor er faldarane lagde ut på barselavdelinga ved Fylkessjukehuset i Haugesund og elles på prestekontor, helsestasjonar o.l.

STUDENTARBEID OM NAMN

Hovudfag i Oslo

Frode Korslund: *Gårdsnavn i Sør-Gudbrandsdalen sett i sammenheng med gårdenes størrelse*. Avdeling for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo, hausten 1991. 167 sider + vedlegg.

Føremålet med denne oppgåva er med Korslunds ord "å klarlegge hvilke sammenhenger det er mellom gårdsnavn og gårdsstørrelse". Området for undersøkinga er kommunane Ringebu, Øyer, Gausdal og Lillehammer. Med utgangspunkt i sokn og naturlege landskapsgrenser har Korslund delt området inn i 15 einingar (det er litt færre sokn). Gardsnamna med tilknytte opplysningar om skyld og skatt er henta frå skattematrikkelen 1647 og frå matrikkelen 1886. I det siste tilfellet er det tala for gammal skyld, dvs. skylda i 1838, som er nytta. Kjelde for uttale og tolking er *Norske Gaardnavne* (NG). Gardseininga Korslund bruker, er grovt sett den tradisjonelle namnegarden. Heile framstillinga kviler på den føresetnad at høg skyld korresponderer med høg alder og omvendt.

For 1647 blir gardane grupperte i heilgardar, halvgardar og kvartgardar etter storleiken på skylda. Kvar hovudgruppe er deretter delt i små og store gardar. For 1838 brukar Korslund same inndeling, men med tillegg av oktgardar (halvdelen av kvartgard) og plassgardar. Det er 411 (namne)-gardar i 1647 og 638 i 1838. Gardane i 1647 blir plasserte etter fast definerte

skyldnivå som gjev ei tilnærma jamn spreiing på gruppene. Gardane i 1838 blir mekanisk innsette med like mange - rekna frå dei største og nedover - i fellesgruppene heil-, halv- og kvartgardar som i 1647. Resten (238 gardar) blir fordelte med 100 på oktgardar og 134 på plassgardar. Alle som står i 1838/1886, men ikkje i 1647, kallar Korslund "nye". Her er det viktig å merkje seg at somme av dei nye har skriftformer langt eldre enn 1647, medan andre er reelt nye, dvs. at gardseininga ikkje kan ha eksistert så tidleg som 1647.

Korslund deler namna inn i desse gruppene: namn i bunden form, *lia*-gardar, tradisjonelle gardsnamnledd (*vin*, *heim* osv.), samansette og usamansette naturnamn, kulturnamn, namn med uviss tyding og diverse namn. Kriteria er altså noko blanda og ikkje alltid heilt lette å handtere. Generelt kan ein slå fast at bunden form rangerer over alle andre inndelingar bortsett frå gruppa av namn på *-lia*. Korslund er tydeleg skeptisk til mangt i namnetolkingane i NG, men har oftast ikkje noko anna å setje i staden. Av den grunn får han fleire uvisse namn enn NG har.

Samsvaret mellom gardsstorleik og namn blir målt ved hjelp av gardsprosent og namneprosent. Gardsprosent vil seie kor stor prosentdel av ein viss gardsklasse som har ein viss namnetype. Namneprosent vil seie kor stor del av ein viss namnetype som er knytt til ein viss gardsklasse. Korslund poengterer at gardsprosenten er viktigare enn namneprosenten, men vurderingane viser at det i realiteten er omvendt - vel å merke så lenge det er namnet og ikkje garden som er utgangspunktet. Også prinsipielt er det etter mitt syn mest sakssvarande å prioritere namneprosenten. Gardsprosenten vil jo i sterk grad avhenge av kor stor namnegruppa er. Det inneber at ein m.a. kan risikere å få lægre prosent heilgardar for ei fåtalig namnegruppe som bevisleg er gammal, enn for ei yngre, talrik gruppe. Slike problem får vi òg demonstrert i hovudtabellen s. 128. Der har *stad*-namna ein gardsprosent på 17.8 i gruppa fullgardar, mot *vin*-namna 9.3, men namneprosenten viser eit anna tilhøve: 83.4% av *vin*-namna er namn på fullgardar, mot berre 43.6% av *stad*-namna. At gardsprosenten vik så sterkt av frå det ein ventar etter andre alderskriterium, botnar naturlegvis i at det er langt færre *vin*-namn (15) enn *stad*-namn (58) til fordeling på gardsgruppene. Det som sameinar *vin*- og *stad*-namna, er at begge har høgst gardsprosent i fullgardklassen. Dersom ein let namneprosenten vega tyngre enn gardsprosenten, svarar Korslunds resultat stort sett til det som før er kjent om samhøvet mellom gardsstorleik og namnetype.

Oppgåva har diagram over fordelinga av gardar på skyldverdi, kart med alle namna innteikna, og register over namn og grunnord.

Korslund verkar jamt over sikrare i historiske enn i språklege spørsmål. Den språklege drøftinga blir unnagjort såpass knapt og hastig at ein ikkje

kan vente ei spesifikt språkfagleg framstilling tvers igjennom. I praksis ligg da òg synsvinkelen vel så mykje på garden som på namnet. Dette inneber ei viss dreiing bort frå det tittelen lovar, men resultata treng sjølvsagt ikkje bli mindre fruktbare for det. Når eg stiller eit lite spørsmål, gjeld det meir realisering enn opplegg. Den språklege sida synest for dårleg gjennomarbeidd til at ho kan bli ein fullgod komponent i samspelet mellom namn og stad. Korslund skal likevel krediterast for ei frisk og innhaldsrik kartlegging.

Veslemøy Kvålen: *"Og Olav het son og Olav het far". Bruken av førenamn i Vinje 1900-85 samanlikna med nokre andre område.* Avdeling for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo, hausten 1991. 223 sider + vedlegg.

Oppgåva tek for seg personnamn i Vinje i Telemark under to synsvinklar. Først kjem eit utsyn over namnebruken i tidsperiodane 1900-05, 1940-50 og 1975-85 på grunnlag av kyrkjebøkene. Kvar periode omfattar ca. 250 personar jamt fordelte på begge kjønn. Deretter følgjer ei kartlegging av oppkallingsskikkane i perioden 1975-85 på grunnlag av ei spørjeliste som vart utdelt i skolane vinteren 1990-91. Her er ca. 270 born med. Begge utgreiingane blir jamførte med tilsvarande undersøkingar frå andre delar av landet. Oppgåva har òg kortfatta kapittel om dialektuttale av namn, namn i folkekulturen, namn og folketru, og namn brukte som produktnamn/-nemningar. Det siste blinkar ut eit forskingsfelt der det meste enno er ugjort.

Kvålen byggjer i stor grad på tradisjonell kvantitativ metode, men på grunnlag av utsegner ho har fått i svarlistene og i personlege samtalar med folk, kombinerer ho det kvantitative med kvalitative vurderingar. Kvalitativ metode vil seie at ein prøver å skaffe seg ei heilskapleg, innlevande forståing av eit bestemt fenomen i ein bestemt samanheng. Ein går meir i djupna enn i breidda. I Kvålens tilfelle er det spesielt oppkallinga som blir vurdert kvalitativt før tabellane og talfestinga kjem inn. Metoden sikrar m.a. mot tvil og feilslutningar i spørsmålet om delvis namnelikskap (t.d. *Anders - Arnfinn*) er oppkalling eller ikkje. Dette er eit problem somme tidlegare framstillingar har hatt vondt for å klare opp i. Samtidig må det seiast at den kvalitative metoden føreset inngåande personleg kjennskap til det saksfeltet ein handsamar. Som innfødd vinbyggje arbeider Kvålen trygt i så måte.

Kvålens ans på kvalitetsaspektet kjem òg fram i oppsett og drøfting av namnegrupper. Her løyser ho litt på den språklege inndelinga som dei fleste hittil har brukt. I staden fører ho inn ei gruppe "heimlege namn", som omfattar både gamle norskspråklege namn (*Hæge, Sveinung* o.fl.) og innlånte namn som har lang brukstid og er fullt integrerte i dialekten (*Kari,*

Jon o.fl.). Dette er ein fruktbar skipnad når føremålet er å kartleggje namnebruk i lys av eit notidig kulturmønster. På den andre sida blir det problematisk å jamføre resultata med undersøkingar som er meir einsidig språkbaserte. I slike tilfelle kan det for kontrollen si skyld løne seg å samanlikne enkeltnamn uavhengig av namnegrupper, noko på line med Gulbrand Alhaugs markørnamns-metodikk (i Studia anthroponymica Scandinavica 1985). Kvålen jamfører toppnamna enkeltvis, men ikkje namna i tilfanget som heilskap.

Trass i dei metodiske atterhalda Kvålen må ta i samanlikningane, har ho likevel ingen vanskar med å dokumentere at Vinje er tradisjonsfast som få andre bygder i namnebruken. Dei heimlege namna utgjer langt over 90% for både gutar og jenter heilt fram til 1950. Dette set Vinje i ei særstilling andsynes både Borre, Skjåk, Vartdal og Hadsel, som det er jamført med. Karakteristisk nok blir tradisjonalismen i Vinje òg ei sperre mot den nordiske namnerenessansen. Det uvante slepp kort sagt ikkje så lett inn, om språktoet er aldri så norsk. Jamsides med dette har den tradisjonelle fullnamnsoppkallinga haldi seg godt i Vinje, og har mykje sterkare feste her enn t.d. i samanlikningsområdet Skaun. Samtidig verkar vinbyggjene meir traude enn bygdefolk flest til å godta delvis namnelikskap eller allitterasjon som gyldig uttrykk for oppkalling. Det er også eit konservativt trekk.

Kvålens undersøking stadfester til fulle at Vinje høyrer med til det sterke tradisjonsområdet som strekkjer seg frå Setesdal og oppetter til Nord-Gudbrandsdalen. Det kan jamvel sjå ut til at Vinje gjer Setesdal rangen stridig som sjølve kjernepunktet innan *dette* området att. Det skulle elles vori interessant å vita kor langt nedover i Telemark denne namnekonservatismen rekk. Seljord har opplagt mange trekk av det same, men alt nede i Bø og Sauherad har eg inntrykk av - etter spreidde notat eg har gjort - at skikkane brytst på ein heilt annan måte, og dei ytre Grenlandsbygdene har jo i hundreår stått vidopne for impulsar utanfrå. Ikkje minst kunne namneskikken analyserast i lys av Øvre Telemark si ålkjende stilling som politisk og kulturelt "villmannsland" (sjå t.d. Jørn Sandnes: *Kniven, ølet og æren*, 1990). Dannar personnamna ei grense som svarar til denne politisk-kulturelle grensa mellom dei øvre og nedre bygdene? Og kor langt attover og framover i tida kan eventuelt ei slik grense påvisast?

Kvålens oppgåve er metodisk sjølvstendig, ryddig i disposisjonen og godt skriven, men har kanskje ein tendens til å bli overtydeleg på visse punkt. At oppgåva utløyser eit ønske om å få vita meir, er berre eit pluss i mine augo.

Hovudfag i Bergen

Eilert Skjævestad: *Stadnamn frå Tromøya*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, våren 1991. 202 sider.

I førre nummeret av *Nytt om namn* (nr. 14, s. 41f) omtala eg ei utradisjonell hovudoppgåve frå Nordisk institutt i Bergen. Denne gongen skal eg presentere ei oppgåve som er skriven heilt ut etter tradisjonelt mønster, med unntak av at edb er teki til hjelp i systematiseringa. Oppgåva omfattar ca. 1300 namn frå Tromøy kommune i Aust-Agder. Skjævestad formulerer programmet sitt slik: "Stadnamna [er] viktige kulturhistoriske og dels også historiske kjelder. Derfor meiner eg at namnegranskinga framleis må legge etter måten stor vekt på *etymologi* og *tradisjon*" (s. 113). Dette historiske innhaldet får han først og fremst klarlagt gjennom eit omfattande grunnordregister og ei detaljert framstilling av tydingsgrupper i utmerkingsledda.

Grunnordlista er oppbygd systematisk med uttale, bøyingsformer og tal namn som usamansett, som hovudledd i samansetjing og som utmerkingsledd. Dei vanlegaste orda er *holme* (i 67 namn), *myr* (58), *hage* (53), *hei* (44), *skjer* (44), *båe* (33), *bukt* (31) og *vik* (30). Orda viser klårt kva landskapstype det dreiar seg om. Lista inneheld i alt 162 ord. Somme av dei er utdøydde og har vorti rekonstruerte ut frå namnetilfanget. Når Skjævestad først har gått inn på denne lina, burde han òg ha teki med (tapte) ord som *slåkka, stea, såta* og *trøa*. Dei står no mellom "Andre grunnordlause namn" (s. 107f), men skil seg prinsipielt ikkje frå *døl, eise, kove* o.fl. i grunnordlista. Elles meiner eg ein bør vera varsam med setje opp ordformer som informantane ikkje kan stadfeste, enda orda i seg sjølve absolutt forsvarer ein plass i lista. Ordforklaringane er jamt over grundige og gode, og både her og elles i framstillinga viser Skjævestad at han har gjort eit framifrå markarbeid. Oppgåva inneheld mykje interessant om lokal ordbruk, m.a. at *kjerr* tyder både 'kratt', 'liten dal el. stor hole med blaut botn' og 'tjern'. Dessverre er det ikkje sagt korleis tydingane fordeler seg i tilfanget (27 namn).

Den semantiske inndelinga omfattar vel 30 grupper frå heile spekteret av natur- og kulturkodar, for å tala med P. Hallaråker i *Namn og stad* (1987). Som Skjævestad understrekar, kan det stundom vera tvil om plasseringa. Eit namn som *Kamelsteinen* ville nok eg heller setje under samanlikningsnamn enn under dyreliv. Kan *Rossbåen* vera elliptisk til *Rossholmen*? Eg tør ikkje svara fordi eg ikkje kjenner området. Her hadde eit kart vori til hjelp. Skjævestads sterkaste framlegg er gno. *røst* 'kvervelstraum'. Namn med personnamn som føreledd er oppstilte som ei gruppe under "Formell inndeling". Det er forsvarleg på sin måte, men personnamn er *også* - ja, først og fremst - ein semantisk kategori. Grensegangen mellom

formell og semantisk inndeling er altså på visse punkt diskutabel. Slik hovudkategoriane formell og semantisk no står, er dei komplementære og ikkje alternative. Skjævestad understrekar sjølv at det er vanskeleg å halde synsvinklane konsekvent frå kvarandre.

"Namn med denotasjonsendring" heiter eit kapittel (nr. 6) som tek for seg samanlikningsnamn, oppkallingsnamn, hendingsnamn og andre grunnordlause namn. Hovudoverskrifta er ikkje heilt god. Det er m.a. ingen systematisk samanheng mellom hendingsnamn og denotasjonsendring. Namna *Blesens bakke* og *Frierbåen* skriv seg såleis frå spesielle hendingar, men dei viser inga endring i denotasjon. Av same grunn er det òg misvisande å rekne samanlikning for denotasjonsendring. Denotasjon gjeld jo tilhøvet mellom eit etablert namn og staden eller stadene det viser til, medan samanlikning merkjer ut sjølve etableringa av eit namn (som rett nok i andre omgang kan få nytt el. endra denotatum). Tradisjonelt har ein nytta termen oppkalling og ikkje samanlikning om namn gjevne med førebilete i andre lokalitetar. Men sidan oppkalling òg inneheld ei (latent) samanlikning, får Skjævestad fram eit viktig poeng ved å kople gruppene i hop. Likevel kan ikkje namn som *Traumabakken* og *Traumabanen* i Skjævestads materiale kallast oppkallingsnamn. Etterledda er her vanlege grunnord, og utmerkingsledda inneheld namnet på det lokale idrettslaget. Dei hadde høvd betre i ei personbasert føreleddsgruppe.

Oppgåva har òg eit oversyn over Tromøyas historie og ei utgreiing om hovuddraga i dialekten, og attast er alle namna oppførte alfabetisk med sidetilvising. Det er ingen kartreferansar og ikkje noko kart i oppgåva.

Ein føremon med ei tradisjonell hovudoppgåve er at tilfanget blir synleg og lett å avlesa i detaljane. Dermed gjev det òg den kulturhistoriske kunnskapen som Skjævestad har ønskt å få fram. På den andre sida vil den store stoffmengda som oppgåver av denne typen dreg med seg, lett kunne tvinge fram ein meir mekanisk systematikk enn det ideelt sett er dekning for. Eg har peikt på visse svikt hos Skjævestad i så måte, og merknadene i oppgåva viser at han sjølv er klar over dei. Dette skal likevel ikkje vera siste ord. Hovudinntrykket er at denne oppgåva er eit grundig arbeid med høg informasjonsverdi både språkleg og sakleg.

Mellomfag i Oslo

Oddmund Vestenfor: *Tilnavn i Sverresaga*. Mellomfagsoppgåve hausten 1991.

For tre år sidan var stadnamna i Sverresoga emne for ei mellomfagsoppgåve i Oslo (sjå *Nytt om namn*, nr. 12 - 1990). No har tilnamna følgt

etter med denne utgreiinga av Oddmund Vestenfor. Materialet omfattar ca. 160 namn og er i hovudsak identisk med tilnamnsregisteret i Gustav Indrebøs tekstutgåve frå 1920. Patronym og gardsnamn med preposisjon er ikkje tekne med. Namna blir klassifiserte og drøfta formelt og semantisk med utgangspunkt i E. H. Linds bok om vestnordiske tilnamn (1921) og tilnamnsartiklane i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. Den semantiske delen er fyldigast og kastar etter mitt syn også mest av seg fagleg. Kapitlet om formelle tilhøve blir mest ei dømesamling utan djupare analyse.

Den største tydingsgruppa er namn for kroppslege eller psykiske kjennemerke (*Bjúgi, Kjǫtlær; Galinn, Illska*). Elles finst m.a. heimstadnamn (*Rænski, Færeyski*), slektsmarkerande namn (*Konungsbróðir, Bræðrungr*), yrkesnamn (*Kambari*) og stadnamn (*Vík*). Somme tilnamn er vanskelege å plassere etter innhald, t.d. *Aura-* i *Aura-Páll*. Vestenfor finn visse hint i teksten for at det kan vera gen.flt. av pengeeininga *eyrir* og ikkje gen. av stadnamnet *Aurar* som Lind meinte. Vestenfor er i det heile flink til å vudere namna i sin historiske og tekstlege samanheng. Han kjem òg litt inn på spørsmålet om tilnamnbruken i Sverresoga er tendensiøs; vi veit jo at skriftet i seg sjølv for ein stor del er eit partsinnlegg. Mange av tilnamna er rett nok negative, men slike namn synest ikkje å bli brukte noko meir om Sverres motmenn enn om hans eigne folk.

KK

KILROY WAS HERE!

Dette er ikkje noka oppmoding om å sabotera det tidlegare *Univers Reiser* (som før det heitte *Studentenes reisebyrå*). Men dette reisebyrået får knapt noko diplom for det nye namnet *KILROY academic travels*. Norske universitetstilsette har i det siste fått tilsendt fargerike brosjyrar om den nye reisebyråkjeda som marknadsfører seg med uttrykk som "First stop Kilroy - next stop anywhere". Grunnen til namneendringa er visst nok at byrået har slege seg saman med *Kilroy travels International* i København.

Dei fleste har merka seg skribleri som "Kilroy was here" på toalett, gatekjøken og kva det no er. Denne Kilroy var ein hamnearbeidar i Boston. I 40-åra byrja han å skriva "Kilroy was here" på kassar som skulle skipast til utlandet for på den måten å visa at han gjorde noko. Etter kvart har bodskapen spreidd seg verda rundt.

Nå i handelen igjen:

FALK og TORP

ETYMOLOGISK ORDBOG

Faksimileutgaven av dette viktige verket for alle språkinteresserte ble raskt utsolgt etter utgivelsen i fjor, så nå har vi trykt et nytt opplag. 1088 sider, ca. 11 000 oppslagsord. Pris innb. 390,00.

Til hausten kjem faksimileutgåve av

ALF TORP

NYNORSK ETYMOLOGISK ORDBOK

Denne boka har ikkje vore i bokhandelen på 70 år. Ei uvurderleg kjelde når det gjeld nynorsk- og dialektord sitt opphav og tyding. Inneheld om lag 10 000 oppslagsord. Du kan førehandstinga no, så sender vi melding seinare om utgjevingsdato. Pris innb. 390,00.

BJØRN RINGSTRØMS ANTIKVARIAT A/S
Ullevålsveien 1
0165 OSLO

Tlf. (02) 20 78 05

Returadresse:
Avdeling for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3

KONFERANSERAPPORTAR

1. *Nasjonal konferanse i namnegransking*. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.)

2. *Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.)

3. *Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.)

4. *Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.)

5. *Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 150 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn. Tillegg: Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med merknader og forskrifter.)

6. *Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 147 sider. Pris kr. 60,-. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.)

ISSN 0800 - 4676